



Møteinnkalling

Utval:	Kontrollutvalet i Eidfjord kommune
Møtestad:	Kommunestyresalen, Kommunehuset i Eidfjord
Dato:	25.11.2021
Tid:	09:00

Dersom nokon av medlemmene ikkje kan møte og må melde forfall, vert dei bedne om å gjere dette så tidleg som råd er ved **å ringa** til Kjartan Haugsnes tlf. 901 89 542 eller til Hogne Haktorsen, tlf. 911 05 982.

Til varamedlemar er denne innkallinga å sjå på som ei orientering.
Dersom det vert aktuelt at varamedlemar må møta, vil det bli gjeve nærmare beskjed.

Det er planlagt at Kjartan Haugsnes møter frå sekretariatet, på dette møtet.

Jostein Hovland
kontrollutvalsleiar

Hogne Haktorsen
kontrollsjef

Kjartan Haugsnes
seniorrådgjevar

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Kopi: Vararepresentantar til kontrollutvalet
Ordførar
Revisor
Rådmann

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 11/21	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 12/21	Godkjenning av møteprotokoll frå møte 04.10.21	2020/65	
	Politiske saker		
PS 40/21	Orientering frå ordførar/rådmann, spørsmål om kloakkutslepp på Halne.	2020/69	
PS 41/21	Orientering frå rådmann, ny brannstasjon.	2020/69	
PS 42/21	Orientering frå rådmann, Innsynsportalen - kontroll og rutinar i høve personvern og andre teiepliktige opplysningar.	2020/69	
PS 43/21	Orientering frå rådmann, Mat til skule og barnehageborna i Eidfjord.	2020/69	
PS 44/21	Orientering frå rådmann, Journalpost og dagsetting.	2020/69	
PS 45/21	Oppfølging selskapskontroll eigarstyring	2018/6	
PS 46/21	Forvaltningsrevisjon kommunen si rolle i næringsutvikling, løypemelding.	2021/8	
PS 47/21	Vestlandsrevisjon presenterer revisjonsstrategi for Eidfjord kommune 2021	2020/68	
PS 48/21	Møteplan, første møte i 2022	2020/67	
	Referatsaker		
RS 20/21	Vedtak i kommunestyret, forvaltningsrevisjon ny sjukeheim	2017/44	
RS 21/21	Årsmelding mobbeombod Vestland fylkeskommune	2020/69	
	Politiske saker		
PS 49/21	Eventuelt	2020/69	

Godkjenningssaker
GK 11/21 Godkjenning av innkalling og sakliste



Eidfjord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2020/65-26
Saksbehandlar: Kjartan Haugsnes

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Eidfjord kommune	12/21	25.11.2021

Godkjenning av møteprotokoll frå møte 04.10.21

Forslag til vedtak

Protokoll frå møte 04.10.21 vert godkjent.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Kjartan Haugsnes
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Møteprotokoll frå møte 04.10.21



Møteprotokoll

Utval:	Kontrollutvalet i Eidfjord kommune
Møtestad:	Møterom 2. etg, Kommunehuset i Eidfjord
Dato:	04.10.2021
Tid:	09:00 – 11:15

Følgjande faste medlemer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Jostein Hovland	Leiar	AP
Haldis Myrvang Riber	Medlem	AP
Anita Fredheim Limstrand	Medlem	
Kari Lægreid	Medlem	

Følgjande medlemer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Kjell Ove Tveit	Nestleiar	

Følgjande varamedlemer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Liv Myklatun	Kjell Ove Tveit	SP

Merknader

Andre som møtte:

Namn	Stilling
Kjartan Haugsnes	Seniorrådgjevar Vestland fylkeskommune
Knut Ingar Myklatun	Økonomisjef Eidfjord kommune
Elin Bye	Oppdragsansvarleg revisor Vestlandsrevisjon IKS

Jostein Hovland
utvalsleiar

Kjartan Haugsnes
utvalssekretær

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Sakliste

Utvals-saknr	Innhald	Arkiv-saknr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 9/21	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 10/21	Godkjenning av møteprotokoll frå møte 06.05.2021	2020/65	
	Politiske saker		
PS 33/21	Orientering frå ordførar/rådmann - hending i fjellet	2020/161	
PS 34/21	Orientering frå rådmann, oppfølging revisjonsrapport nr. 1 2020.	2020/68	
PS 35/21	Oppfølging selskapskontroll Eigarstyring.	2018/6	
PS 36/21	Forvaltningsrevisjon kommunen si rolle i næringsutvikling, løypemelding.	2021/8	
PS 37/21	Rapport etterlevingskontroll Eidfjord kommune 2020.	2020/68	
PS 38/21	Budsjett for kontrollarbeidet 2022	2020/118	
PS 39/21	Eventuelt	2020/69	
	Referatsaker		
RS 14/21	Budsjettbrev Eidfjord kommune frå statsforvaltar	2020/68	
RS 15/21	Medlemsinformasjon september 2021 frå FKT	2020/69	
RS 16/21	Invitasjon til folkevaldopplæring 2022	2020/69	
RS 17/21	Vedtak i kontrollutvalet i Ullensvang kommune	2016/43	
RS 18/21	Protokoll representantskap Vestlandsrevisjon IKS	2016/43	
RS 19/21	Ullensvang kommune, utmelding Vestlandsrevisjon IKS	2016/43	

Godkjenningssaker

GK 9/21 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll 04.10.2021 - Kontrollutvalet i Eidfjord kommune

Handsaming i møte

Det framkom ikkje merknader til innkalling og sakliste.

Vedtak

Innkalling og sakliste vart godkjent.

GK 10/21 Godkjenning av møteprotokoll frå møte 06.05.2021

Forslag til vedtak

Protokoll frå møte 06.05.2021 vert godkjent.

Saksprotokoll 04.10.2021 - Kontrollutvalet i Eidfjord kommune

Handsaming i møte

Det framkom ikkje merknader til protokoll frå møte 06.05.2021

Vedtak

Protokoll frå møte 06.05.2021 vart godkjent.

Politiske saker

PS 33/21 Orientering frå ordførar/rådmann - hending i fjellet

Forslag til vedtak

Informasjonen vert teken til orientering.

Saksprotokoll 04.10.2021 - Kontrollutvalet i Eidfjord kommune

Handsaming i møte

Rådmannnen hadde ikkje moglegheit til å møte, men hadde sendt over eit slikt notat:

Oppsummering:

Halne saka er ikkje avklart, det har stadig komme fram nye opplysningar om historikken.

Det er no etablert nytt va anlegg som erstatter det gamle. For framtida så vil dermed forurensingsproblematikken vera avklart, tillegg har dei nye eigarane på Halne valgt å grave opp det gamle anlegget, og vil levere ein rapport på det dei har funne i løpet av neste veke.

Eg hadde eit møte med dei i går, saman med varaordfører. Vi vart då enige om å fortsette arbeidet med å finne ut kva som har skjedd når rapporten etter at anlegget er grave opp er klar.

Halne er blitt politianmeldt av Naturvernforbundet, og har dialogen omkring dette.

Etter sams drøfting i utvalet vart slikt forslag til vedtak samrøystes vedteke.

Rådmann/ordfører vert å invitere til neste møte i kontrollutvalet for gjere greie for saka.

Vedtak

Rådmann/ordfører vert å invitere til neste møte i kontrollutvalet for gjere greie for saka.

PS 34/21 Orientering frå rådmann, oppfølging revisjonsrapport nr. 1 2020.

Forslag til vedtak

Informasjonen vert teken til orientering.

Saksprotokoll 04.10.2021 - Kontrollutvalet i Eidfjord kommune

Handsaming i møte

Knut Ingar Myklatun orienterte utvalet.

- Refusjon sjukepengar og krav om redusert arbeidsgjevaravgift. Vil verte ordna for 2021 med ekstra lønnskøyting i desember.
- Praksis i høve periodisering er endra i år.

- Anleggsregister – merksemd på skille mellom drift og investering.
- Konkurransetsetting og rammeavtaler. Ikkje heilt i mål, men vert arbeida med. Svært tidkrevjande å få til, og ofte er det få leverandørar i marknaden.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Informasjonen vert teken til orientering.

PS 35/21 Oppfølging selskapskontroll Eigarstyring.

Forslag til vedtak

1. Informasjonen vart teken til orientering.
2. Kontrollutvalet ber rådmannen om ei skriftleg tilbakemelding til kontrollutvalet på oppfølging av kommunestyret sitt vedtak i PS 20/046 innan 04.11.2021

Saksprotokoll 04.10.2021 - Kontrollutvalet i Eidfjord kommune

Handsaming i møte

Saka vart utsett til neste møte, men pkt. 2 i innstillinga vart samrøystes vedteke.

Kontrollutvalet ber rådmannen om ei skriftleg tilbakemelding til kontrollutvalet på oppfølging av kommunestyret sitt vedtak i PS 20/046 innan 04.11.2021

Vedtak

Kontrollutvalet ber rådmannen om ei skriftleg tilbakemelding til kontrollutvalet på oppfølging av kommunestyret sitt vedtak i PS 20/046 innan 04.11.2021

PS 36/21 Forvaltningsrevisjon kommunen si rolle i næringsutvikling, løypemelding.

Forslag til vedtak

Informasjonen vart teken til orientering.

Saksprotokoll 04.10.2021 - Kontrollutvalet i Eidfjord kommune

Handsaming i møte

Elin Bye frå Vestlandsrevisjon IKS orienterte utvalet.

- Revisor har fått tilgang til alt dei har bedt om.
- Rapporten er i rute.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Informasjonen vart teken til orientering.

PS 37/21 Rapport etterlevingskontroll Eidfjord kommune 2020.

Forslag til innstilling

Etterlevingskontroll gjeldande Eidfjord kommune 2020 vert teken til etterretning.

Saksprotokoll 04.10.2021 - Kontrollutvalet i Eidfjord kommune

Handsaming i møte

Revisor Elin Bye orienterte.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Etterlevingskontroll gjeldande Eidfjord kommune 2020 vert teken til etterretning.

PS 38/21 Budsjett for kontrollarbeidet 2022

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet vedtek forslag til budsjett for kontrollarbeidet i Eidfjord kommune for 2022 inkludert endringar som vert gjort i møtet.
2. Budsjettforslaget skal følgje sak med budsjettarbeid fram til handsaming i kommunestyret. Kommunestyret gjer endeleg vedtak om budsjett for kontrollarbeidet i 2022.

Saksprotokoll 04.10.2021 - Kontrollutvalet i Eidfjord kommune

Handsaming i møte

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet vedtek forslag til budsjett for kontrollarbeidet i Eidfjord kommune for 2022 inkludert endringar som vert gjort i møtet.

2. Budsjettforslaget skal følgje sak med budsjettarbeid fram til handsaming i kommunestyret. Kommunestyret gjer endeleg vedtak om budsjett for kontrollarbeidet i 2022.

PS 39/21 Eventuelt

Forslag til vedtak

Ikkje framlagt

Saksprotokoll 04.10.2021 - Kontrollutvalet i Eidfjord kommune

Handsaming i møte

Det vart meldt inn fire saker til «Eventuelt»

1. Orientering om ny brannstasjon.

Kontrollutvalet ber om at rådmannen kjem i neste møte og gjev utvalet ei orientering om ny brannstasjon i Eidfjord, prosjekt og kostnad.

2. Innsynsportalen – kontroll og rutinar i høve personvern og andre teiepliktige opplysningar.

Varslingsplikta til datatilsynet og oppfølging og tal varsel til datatilsynet siste år.

Kontrollutvalet ber om at rådmannen kjem i neste møte og gjev utvalet ei orientering om problematikk kring innsynsportal jfr. Stikkord.

3. Mat til skule og barnehageborna i Eidfjord.

- har vore på anbod, men utgangspunktet var at dette skulle gjerast i eigenregi gjennom nytt kjøkken på bygdaheimen?

Kontrollutvalet ber om at rådmannen kjem i neste møte og gjev utvalet ei orientering om anbod skulemat.

4. Journalpost og dagsetting.

Kontrollutvalet ber rådmannen orientere om journalføring og praksis i innsynsportalen med journalpost 21/6308 som eksempel.

Vedtak i eventuelt punkt 1 til 4 vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Orientering om ny brannstasjon.

Kontrollutvalet ber om at rådmannen kjem i neste møte og gjev utvalet ei orientering om ny brannstasjon i Eidfjord, prosjekt og kostnad.

2. Innsynsportalen – kontroll og rutinar i høve personvern og andre teiepliktige opplysningar.

- Varslingsplikta til datatilsynet og oppfølging og tal varsel til datatilsynet siste år.

Kontrollutvalet ber om at rådmannen kjem i neste møte og gjev utvalet ei orientering om problematikk kring innsynsportal jfr. Stikkord.

3. Mat til skule og barnehageborna i Eidfjord.

- har vore på anbod, men utgangspunktet var at dette skulle gjerast i eigenregi gjennom nytt kjøkken på bygdaheimen?

Kontrollutvalet ber om at rådmannen kjem i neste møte og gjev utvalet ei orientering om anbod skulemat.

4. Journalpost og dagsetting.

Kontrollutvalet ber rådmannen orientere om journalføring og praksis i innsynsportalen med journalpost 21/6308 som eksempel.

Referatsaker

RS 14/21 Budsjettbrev Eidfjord kommune frå statsforvaltar

Saksprotokoll 04.10.2021 - Kontrollutvalet i Eidfjord kommune

Handsaming i møte

Referatsak vart teken til orientering.

Forslag til vedtak var samrøystes.

Vedtak

Referatsak vart teken til orientering.

RS 15/21 Medlemsinformasjon september 2021 frå FKT

Saksprotokoll 04.10.2021 - Kontrollutvalet i Eidfjord kommune

Handsaming i møte

Referatsak vart teken til orientering.

Forslag til vedtak var samrøystes.

Vedtak

Referatsak vart teken til orientering.

RS 16/21 Invitasjon til folkevaldopplæring 2022

Saksprotokoll 04.10.2021 - Kontrollutvalet i Eidfjord kommune

Handsaming i møte

Referatsak vart teken til orientering.

Forslag til vedtak var samrøystes.

Vedtak

Referatsak vart teken til orientering.

RS 17/21 Vedtak i kontrollutvalet i Ullensvang kommune

Saksprotokoll 04.10.2021 - Kontrollutvalet i Eidfjord kommune

Handsaming i møte

Referatsak vart teken til orientering.

Forslag til vedtak var samrøystes.

Vedtak

Referatsak vart teken til orientering.

RS 18/21 Protokoll representantskap Vestlandsrevisjon IKS

Saksprotokoll 04.10.2021 - Kontrollutvalet i Eidfjord kommune

Handsaming i møte

Referatsak vart teken til orientering.

Forslag til vedtak var samrøystes.

Vedtak

Referatsak vart teken til orientering.

RS 19/21 Ullensvang kommune, utmelding Vestlandsrevisjon IKS

Saksprotokoll 04.10.2021 - Kontrollutvalet i Eidfjord kommune

Handsaming i møte

Referatsak vart teken til orientering.

Forslag til vedtak var samrøystes.

Vedtak

Referatsak vart teken til orientering.

Politiske saker

PS 40/21 Orientering frå ordførar/rådmann, spørsmål om kloakkutslepp på Halne.



Eidfjord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2020/69-23
Saksbehandlar: Kjartan Haugsnes

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Eidfjord kommune	40/21	25.11.2021

Orientering frå ordførar/rådmann, spørsmål om kloakkutslepp på Halne.

Forslag til vedtak

Informasjonen vert teken til orientering.

Samandrag

Dette er oppfølging av spørsmål frå utvalet 04.02, PS 08/21, 06.05, PS 26/21 og 04.10.21, PS 33/21

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Kjartan Haugsnes
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I kontrollutvalet sitt møte 04.02.2021 vart det protokollert slik under PS 8/21

«Kloakkutslepp på Halne og handtering frå kommunen si side. Spørsmålet vert sendt inn skriftleg til ordførar/rådmann og svara ut i neste møte.»
Spørsmålet vart sendt ordførar og rådmann 05.03.2021 og lyder slik:

Spm. til Rådmann og Ordførar.

Etter henvending frå publikum er utvalgsleiar gjort oppmerksom på kloakkutslipp ved Halne.

Saka er framstilt slik:

Kloakk system er ikkje tilfredsstillande, krav om utbedring har vorte utsett fleire gonger. Vidare blir det påstått at kloakk aktivt har blitt pumpa ut i Halnefjorden. Politi vart varsla og køyrer utrykning mot Halne. På veg mot Halne kontaktar dei Kommunen (ordførar?) og blir avbrutt på si utrykning.

Er dette rett?

Kva løyve og utsettelse er gitt?

Har det vore midlertidige avbøtende tiltak?

Kor står saka no?

Til møtet 04.10.21 fekk kontrollutvalet slikt skriv sendt frå rådmannen:

Rådmannen hadde ikkje moglegheit til å møte, men hadde sendt over eit slikt notat:

«Oppsummering:

Halne saka er ikkje avklart, det har stadig komme fram nye opplysningar om historikken. Det er no etablert nytt va anlegg som erstatter det gamle. For framtida så vil dermed forurensingsproblematikken vera avklart, tillegg har dei nye eigarane på Halne valgt å grave opp det gamle anlegget, og vil levere ein rapport på det dei har funne i løpet av neste veke. Eg hadde eit møte med dei i går, saman med varaordfører. Vi vart då enige om å fortsette arbeidet med å finne ut kva som har skjedd når rapporten etter at anlegget er grave opp er klar. Halne er blitt politianmeldt av Naturvernforbundet, og har dialogen omkring dette.»

Etter sams drøfting i utvalet vart slikt forslag til vedtak samrøystes vedteke.

Rådmann/ordførar vert å invitere til neste møte i kontrollutvalet for gjere greie for saka.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i sak der utvalet vil innhenta informasjon, jf. kommunelova § 23-2.

Vurderingar og verknader

Sekretariatet har bede ordførar/rådmann orientere utvalet i møte 25.11.2021, partsbrev om dette vart sendt 19.10.21 og endeleg invitasjon vart sendt 12.11.21

Konklusjon

Sekretariatet tilrår at informasjonen vert teken til orientering.



Eidfjord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2020/69-24
Saksbehandlar: Kjartan Haugsnes

Saksgang

Utvæl	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Eidfjord kommune	41/21	25.11.2021

Orientering frå rådmann, ny brannstasjon.

Forslag til vedtak

Informasjonen vert teken til orientering.

Samandrag

Dette er oppfølging av spørsmål frå møte i kontrollutvalet 04.10.2021, PS 39/21.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Kjartan Haugsnes
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I kontrollutvalet sitt møte 04.10.2021, PS 39/21 Eventuelt, vart det gjort slikt vedtak:

Orientering om ny brannstasjon.

Kontrollutvalet ber om at rådmannen kjem i neste møte og gjev utvalet ei orientering om ny brannstasjon i Eidfjord, prosjekt og kostnad.

Parts brev vart sendt rådmann 19.10.2021

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i sak der utvalet vil innhenta informasjon, jf. kommunelova § 23-2.

Vurderingar og verknader

Rådmannen er invitert til å orientere kontrollutvalet til møtet 25.11.21 - invitasjon vart sendt 12.11.21.

Konklusjon

Det vert tilrådd å ta informasjonen til orientering



Eidfjord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2020/69-25
Saksbehandlar: Kjartan Haugsnes

Saksgang

Utv.al	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Eidfjord kommune	42/21	25.11.2021

Orientering frå rådmann, Innsynsportalen – kontroll og rutinar i høve personvern og andre teiepliktige opplysningar.

Forslag til vedtak

Informasjonen vert teken til orientering

Samandrag

Dette er oppfølging av spørsmål frå møte i kontrollutvalet 04.10.2021, PS 39/21.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Kjartan Haugsnes
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I kontrollutvalet sitt møte 04.10.2021, PS 39/21 Eventuelt, vart det gjort slikt vedtak:

Innsynsportalen – kontroll og rutinar i høve personvern og andre teiepliktige opplysningar.

Varslingsplikta til datatilsynet og oppfølging og tal varsel til datatilsynet siste år.

Kontrollutvalet ber om at rådmannen kjem i neste møte og gjev utvalet ei orientering om problematikk kring innsynsportal jfr. stikkord.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i sak der utvalet vil innhenta informasjon, jf. kommunelova § 23-2.

Vurderingar og verknader

Rådmannen er invitert til å orientere kontrollutvalet til møtet 25.11.21 - invitasjon vart sendt 12.11.21

Konklusjon

Det vert tilrådd å ta informasjonen til orientering.



Eidfjord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2020/69-26
Saksbehandlar: Kjartan Haugsnes

Saksgang

Utvæl	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Eidfjord kommune	43/21	25.11.2021

Orientering frå rådmann, Mat til skule og barnehageborna i Eidfjord.

Forslag til vedtak

Informasjonen vert teken til orientering

Samandrag

Dette er oppfølging av spørsmål frå møte i kontrollutvalet 04.10.2021, PS 39/21.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Kjartan Haugsnes
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I kontrollutvalet sitt møte 04.10.2021, PS 39/21 Eventuelt, vart det gjort slikt vedtak:

Mat til skule og barnehageborna i Eidfjord.

- har vore på anbod, men utgangspunktet var at dette skulle gjerast i eigenregi gjennom nytt kjøkken på bygdaheimen?

Kontrollutvalet ber om at rådmannen kjem i neste møte og gjev utvalet ei orientering om anbod skulemat.

Partsbrev vart sendt rådmann 19.10.2021

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i sak der utvalet vil innhenta informasjon, jf. kommunelova § 23-2.

Vurderingar og verknader

Rådmannen er invitert til å orientere kontrollutvalet til møtet 25.11.21 - invitasjon vart sendt 12.11.21

Konklusjon

Det vert tilrådd å ta informasjonen til orientering



Eidfjord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2020/69-27
Saksbehandlar: Kjartan Haugsnes

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Eidfjord kommune	44/21	25.11.2021

Orientering frå rådmann, Journalpost og dagsetting.

Forslag til vedtak

Informasjonen vert teken til orientering.

Samandrag

Dette er oppfølging av spørsmål frå møte i kontrollutvalet 04.10.2021, PS 39/21.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Kjartan Haugsnes
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I kontrollutvalet sitt møte 04.10.2021, PS 39/21 Eventuelt, vart det gjort slikt vedtak:

Journalpost og dagsetting.

Kontrollutvalet ber rådmannen orientere om journalføring og praksis i innsynsportalen med journalpost 21/6308 som eksempel.

Partsbrev vart sendt rådmann 19.10.2021

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i sak der utvalet vil innhenta informasjon, jf. kommunelova § 23-2.

Vurderingar og verknader

Rådmannen er invitert til å orientere kontrollutvalet til møtet 25.11.21 - invitasjon vart sendt 12.11.21.

Konklusjon

Det vert tilrådd å ta informasjonen til orientering



Eidfjord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2018/6-15
Saksbehandlar: Kjartan Haugsnes

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Eidfjord kommune	45/21	25.11.2021

Oppfølging selskapskontroll eigarstyring

Forslag til vedtak

1. Informasjonen vart teken til orientering.
2. Kontrollutvalet ber rådmannen om ny skriftleg tilbakemelding til kontrollutvalet på oppfølging av kommunestyret sitt vedtak i PS 20/046 innan 01.04.2022

Samandrag

Dette er oppfølging av vedtak i kommunestyret i Eidfjord kommune 01.10.2020, PS 20/046

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Kjartan Haugsnes
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Handlingsplan oppfølging selskapskontroll eigarstyring

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kommunestyret i Eidfjord kommune gjorde slikt vedtak i PS 20/046:

På bakgrunn av selskapskontroll innan eigarskapsforvaltning i Eidfjord kommune ber kommunestyret rådmannen syta for:

1. Å utarbeida ei eigarskapsmelding, som jamleg vert revidert, minst ein gong i kvar valperiode. Meldinga bør innehalde ein oversikt over selskapa som kommunen har eigarinteresse i, kommunen sine prinsipp for eigarstyring og kommunen sitt formål med eigarskapet, jf. Lovvedtak 81 (2017-2018) og Prop. 46 L (2017-2018) (s. 314 -325).
2. At eigarskapsmeldinga set krav til ei generell opplæring til folkevalde og styremedlemmer. Ei slik opplæring bør finne stad innan eit år etter valet.
3. At eigarstrategien for dei einskilde selskapa vert revidert. Eigar strategien kan vere ein del av kommunen sin eigarskapsmelding, eller eit vedlegg til denne.
4. At det vert utarbeida ein eigarstrategi for Destinasjon Eidfjord.
5. At kommunen jamleg gjennomgår vedtektsfesta formål i selskapa, for å sikra at formål er i samsvar med eigar sine intensjonar og at det kjem klart fram kva selskapet skal drive med.
6. At Eidfjord kommune nyttar styreverv registeret til KS for å registrera folkevalde sine styreverv.
7. Å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.12.2020 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å følgje opp kommunestyret sine vedtak etter revisjonsrapportar, jf. kommunelova § 23-2, e.

Vurderingar og verknader

Sekretariatet har invitert rådmannen til å orientere om oppfølging av rapport «Eigarstyring» etter kommunestyret sitt vedtak 01.10.2020. Jfr. Vedtaket punkt 7 er det ikkje motteke handlingsplan.

Det er svært sjeldan sekretariatet opplever at frist som kommunestyret har sett for å laga handlingsplan (plan for det vidare oppfølgingsarbeidet) vert overskriden med 10-12 månader.»

Sekretariatet har vore i kontakt med rådmann og handlingsplan ligg som vedlegg.

Konklusjon

Sekretariatet rår til at informasjonen i møtet i dag vert teken til orientering. I møtet må utvalet vurdere kva som er følgt opp i dokumentasjon frå administrasjonen og vurdere om vidare oppfølging våren 2022.

Handlingsplan

Oppfølging av tilrådingar i revisjonsrapport selskapskontroll og eigarskapsforvaltning

Tilråding:	Beskrivelse av tiltak:	Ansvarlig:	Tidsfrist:
Å utarbeida ei eigarskapsmelding, som jamleg vertrevidert, minst ein gong i kvar valperiode. Meldinga bør innehalde ein oversikt over selskapa som kommunen har eigarinteresse i, kommunen sine prinsipp for eigarstyring og kommunen sitt formål med eigarskapet, jf. Lovvedtak 81 (2017-2018) og Prop. 46 L (2017-2018) (s. 314 – 325).	Eigarskapsmeldinga skal reviderast kvar valperiode. Eigarskapsmeldinga vert inkludert i kommunen sin planstrategidokument som fast del av dokument som skal rullerast.	Rådmann	Vedtak av planstrategi der dette dokumentet inngår skal vedtakast innan 1 år etter start ny valperiode. Innan 2 år etter ny valperiode skal eigarmeldinga leggjast fram for vedtak i kommunestyret.
At eigarskapsmeldinga set krav til ei generell opplæring til folkevalde og styremedlemmer. Ei slik opplæring bør finne stad innan eit år etter valet.	Tilrådinge er del av eigarskapsmeldinga til kommunen og vert del av rulleringa i kvar valperiode.	Rådmann	Innan 2 år etter ny valperiode skal eigarmeldinga leggjast fram for vedtak i kommunestyret.
At eigarstrategien for dei einskilte selskapa vert revidert. Eigar strategien kan vere ein del av kommunen sin eigarskapsmelding, eller eit vedlegg til denne.	Eigar og styret i dei aktuelle verksemdene kommunen har eigardeler i skal samarbeide om utarbeiding/rullering av den enkelte verksemda sin eigarstrategi. Det vil vera ulike framgansmåtar ut frå	Styret/eigar	Ved behov. Eigar og styret vurderer dette ut frå den enkelte verksemda sine behov.

	kva type verksemd det gjeld og kor stor eigardel kommunen har i den einskilde verksemda.		
At det vert utarbeida ein eigarstrategi for Destinasjon Eidfjord.	Kommunen har etablert ein eigen komite som arbeider med etablering av landstraumanlegg i Eidfjord. I samband med dette arbeidet vert det gjennomført eit større forprosjekt. Ein vesentleg arbeidspakke i forprosjektet er vurderingar av aktuelle organiseringar av all hamneaktivitet i Eidfjord. Når det er konkludert med framtidig organisering, og om denne vil ha innvirkning på korleis Destinasjon Eidfjord evt vert påverka av denne, vil det vera naturleg å gjennomføre ein eigen prosess med utarbeidelse av eigarstrategi.	Styret/eigar	Tidsfrist må avklaras på bakgrunn av korleis den framtidige organiseringa av hamneaktiviteten vert.
At kommunen jamleg gjennomgår vedtektsfesta formål i selskapa, for å sikra at formål er i samsvar med eigar sine intensjonar og at det kjem klart fram kva selskapet skal drive med.	Formål til dei einskilde verksemdene kan over tid endre seg. Styret i verksemdene saman med eigar må ha fokus på å gå gjennom eventuelle endringar og ta desse opp med eigar for evt justeringar.	Styret/eigar	Dei einskilde verksemdene må vurdere vedtektsfesta formål og evt endringar årleg, i samband med generalforsamlinga.

At Eidfjord kommune nyttar styreverv registeret til KS for å registrera folkevalde sine styreverv.	Kommunen si eigarskapsmelding definerer at kvar verksemd bør bruke dette registeret for ei kvar tid valde styremedlemmer.	Styret	Ved endringar i styresamensetjinga.
--	---	--------	-------------------------------------



Eidfjord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2021/8-8
Saksbehandlar: Kjartan Haugsnes

Saksgang

Utv.al	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Eidfjord kommune	46/21	25.11.2021

Forvaltningsrevisjon kommunen si rolle i næringsutvikling, løypemelding.

Forslag til vedtak

1. Informasjonen vart teken til orientering.
2. Kontrollutvalet ønskjer at endeleg revisjonsrapport, ferdig verifisert og inkludert rådmannen sin uttale, kan handsamast i kontrollutvalet sitt første møte i 2022.

Samandrag

Denne saka er lekk i oppfølging av forvaltningsrevisjon, kommunen si rolle i næringsutvikling. Her kan revisjonen halde utvalet oppdatert på arbeidet gjennom milepæls/løype orienteringar.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Kjartan Haugsnes
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet i Eidfjord kommune gjorde slikt vedtak i møte 04.02.2021, PS 4/21:

1. Kontrollutvalet ber Vestlandsrevisjon IKS gjennomføra forvaltningsrevisjon av kommunen si rolle i næringsutvikling, handsaming av plan og byggesaker med utgangspunkt i forslag til prosjektplan og eventuelle innspel som kjem fram i møtet.
2. Kontrollutvalet mottek milepælsorienteringar frå revisor i kvart møte. Ved utarbeiding av delrapportar i prosjektet vert desse handsama undervegs.
3. Kontrollutvalet ønskjer at endeleg revisjonsrapport, ferdig verifisert og inkludert rådmannen sin uttale, kan handsamast i kontrollutvalet sitt siste møte i 2021

Vedtakskompetanse

Det er kontrollutvalet som har ansvar for å gjennomføre slike revisjonar. Det er likevel kommunestyret som har avgjersmynde i saka, etter innstilling frå kontrollutvalet, når revisjonsrapport ligg føre, jf. kommunelova § 23-3.

Vurderingar og verknader

Forvaltningsrevisjonen har slikt føremål og slike problemstillingar:

Føremål:

Sjå på næringsutvikling knytt til plan og byggesaker i Eidfjord kommune.

1. Organisering av plan- og byggesaker

Her inngår fylgjande tema:

- Organisering
- Rollar og ansvar
- Myndigheit
- Ressursar
- Kompetanse

2. Kommunen sine reglement og rutinar for handsaming av plan- og byggesaker

Her inngår fylgjande tema:

- Delegering
- Habilitet
- Kvalitetssikring

3. Er saksbehandlinga i byggesaker i tråd med god forvaltningsskikk og gjeldande regelverk innan plan- og byggesaksområdet ?

Me vil gjennomgå eit utval byggsaker og kontrollere:

- Etterleving av kommunen sine saksbehandlingsrutinar
 - Veiledning og service til byggjesøkjarane
 - Etterleving av planverk
 - Dispensasjonssøknader
-
- Vedtak og svargjeving
 - Sakshandsamingsfristar
 - Tilsyn og ferdigattest
 - Klagebehandling
 - Saksgrunnlag for politisk behandling
 - Arkivrutinar

I møtet 04.10.2021 orienterte revisjonen om følgjande (utdrag frå protokoll)

Elin Bye frå Vestlandsrevisjon IKS orienterte utvalet.

- Revisor har fått tilgang til alt dei har bedt om.
- Rapporten er i rute.

Sekretariatet mottok slik epost frå Vestlandsrevisjon IKS ved Arne Gilbakken 04.11.21:

«Eg arbeider med rapporten om byggesakshandsaming i Eidfjord. Så langt finn eg lite å kritisera på organisering, avklarte rollar og ansvar. Reglement og rutiner er nedskrevne og laga i 2018. Truleg finn eg også lite å peika på i forhold til det juridiske grunnlaget i vedtaka som me ser på. Det som likevel er klare signal frå fleire kjelder som eg intervjuar er spørsmålet om god forvaltningsskikk. Her finn eg svakheiter i reglementet og rutinane som ikkje nemner veiledningsplikta etter forvaltningslova eller førehandskonferansar etter PBL eller rett til munnleg avklaring etter Forvaltningslova §11.4

Eg ser eg treng meir tid for å utlede revisjonskriterium knytt til god forvaltningsskikk, då eg opplever tilbakemeldingane som alvorlege på dette punktet. Mellom anna har eit konsulentselskap sagt at medarbeidarar kvir seg for å ta oppdrag i Eidfjord kommune på grunn av korleis dei vert behandla av byggesaksavdelinga. Andre private tiltakshavarar har ikkje høyrte frå kommunen sidan det vart sendt inn førespurnad om ei byggesak i 2020 osv.

Vil gjerne intervju ein større aktør til for å få inn erfaringar frå fleire aktørar.

Vonar de har forståing at her må me bruka noko meir tid og at det kan vera vanskeleg med å få rapporten ferdig til handsaming på neste møte.

Eg skal elles ha to eksamar på høgskulen i Innlandet no i november som har 6 dagars svarfrist kvar. Det er to fag eg tar innan «digitalisering og leining» med tanke på kompetanseheving og framtidige revisjonar. I tillegg må eg innfri pålagte krav om kurs og videreutdanning som forvaltningsrevisorane har.»

Konklusjon

Med bakgrunn i epost frå revisjonen tilrår sekretariatet at det i dette møtet vert gjeve ei milepælsorientering og at handsaming av endeleg rapport vert gjort i første møte i 2022.



Eidfjord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2020/68-37
Saksbehandlar: Kjartan Haugsnes

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Eidfjord kommune	47/21	25.11.2021

Vestlandsrevisjon presenterer revisjonsstrategi for Eidfjord kommune 2021

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar revisjonsplanen og informasjonen om rekneskapsrevisjonen så langt i 2021 frå Vestlandsrevisjon IKS til orientering.

Samandrag

Kontrollutvalet i Eidfjord kommune har ansvar for at det vert gjennomført rekneskapsrevisjon i kommunen.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Kjartan Haugsnes
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Revisjonsstrategi for Eidfjord kommune 2021

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet i Eidfjord kommune har ansvar for at det vert gjennomført rekneskapsrevisjon i kommunen, jf. kommunelova § 23.2, der det m.a. står:

Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte.

Vidare har kontrollutvalet ansvar for å sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning, jf. ny forskrift om kontrollutvalg § 3, der det m.a. står:

Kontrollutvalget skal holde seg løpende orientert om revisjonsarbeidet og påse at
a) kommunens eller fylkeskommunens årsregnskaper blir revidert på en betryggende måte
b) rekneskapsrevisjonen utføres i samsvar med lov, forskrift og kontrollutvalgets instruksar og avtaler med revisor

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i denne saka, jf. kommunelova § 23-2

Vurderingar og verknader

Kontrollutvalet si handsaming av revisjonsplan og informasjon om rekneskapsrevisjonen så langt i 2021, vil vera ein lekk i å sjå til at kommunen sine rekneskaper vert revidert på ein tryggande måte og at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning. Sekretariatet har motteke revisjonsplan for 2021 og den ligg ved saka.

Slik sekretariatet ser det, bør kontrollutvalet få høve til å koma med innspel til fokusområde i interimrevisjonen som skal gjennomførast denne hausten, dersom dei ønskjer det, sjølv om det er revisjonen som fastset den endelege revisjonsplanen.


Etter planen skal interimrevisjonsrapport leggjast fram for kontrollutvalet til handsaming i første møte i 2022.

Konklusjon

Dersom det ikkje kjem fram noko spesielt i møtet vert det tilrådd at kontrollutvalet tar informasjonen frå Vestlandsrevisjon IKS til orientering.

OVERORDNA REVISJONSSTRATEGI 2021

Eidfjord Kommune



Penneo Dokumentnøkkel: ZUMPE-JWPUE-U7A7G-PNNBH-EUKYD-2YEEZ

Innhald

1.	Innleiing.....	4
2.	Heimelsgrunnlag.....	4
3.	Karakteristiske trekk ved oppdraget	4
4.	Rekneskapsrevisjon mv.	5
4.1.	Nærare om rekneskapsrevisjon	5
4.2.	Rettleiing.....	6
4.3.	Attestasjonar	6
4.4.	Misleg framferd	6
4.5.	Forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltinga	7
4.6.	Nærare om revisjonsarbeidet	7
4.7.	Prioriterte områder	9
4.8.	Rapportering.....	9
5.	Forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll.....	10
5.1.	Prosjekt 2021.....	11
6.	Andre oppgåver.....	11
7.	Revisjonsteam	11
8.	Ressursar	12

1. Innleiing

Overordna revisjonsstrategi er regulert i internasjonal revisjonsstandard ISA 300 - Planlegging av revisjon av eit rekneskap, punkt 7. «Revisor skal utarbeide en overordnet revisjonsstrategi som beskriver revisjonens innhold, når den skal utføres og angrepsmåte, samt gi veiledning for utarbeidelsen av revisjonsplanen.»

Føremålet med dokumentet er å informere kontrollutvalet og kommunen si leiing om dei oppgåver som vi har planlagt for Eidfjord kommune for 2021. For rekneskapsrevisjonen sin del omfattar det i hovudsak det arbeidet vi utfører i perioden 1.5.2021 – 30.4.2022. Det følgjer av dei alminnelege føresetnader for revisjonen, at overordna revisjonsstrategi og revisjonsplanar må verta oppdatert og eventuelt endra i løpet av revisjonen.

Overordna revisjonsstrategi er ein del av vår ordinære kommunikasjon med kontrollutvalet og kommunen si leiing og gjeld regnskapsåret 2021.

2. Heimelsgrunnlag

Reglar om revisjon er gitt i kommunelova kapittel 24 og i forskrift om kontrollutval og revisjon. Revisjonen omfattar **rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon, eigarskapskontroll og anna kontroll** som er bestemt i lov eller i medhald til lov.

Detaljerte krav til revisjonen si utføring går fram av eigne standardar.

3. Karakteristiske trekk ved oppdraget

Årsrekneskapen omfattar kommunen si verksemd.

Kommunen er omfatta av eit komplekst regelverk for alle forvaltningsområda. Dei fleste aktivitetane er lov- og forskriftsregulert. Kommunen er sterkt påverka av endringar i lovverk, samt statlege pålegg, avgjer og prioriteringar. Frå og med 2020 skal årsrekneskapen verta avlagt i tråd med ny kommunelov og forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsrekneskap og årsberetning for kommunar og fylkeskommunar mv

4. Rekneskapsrevisjon mv.

Rekneskapsrevisjonen er eit løpande oppdrag kor vi som revisor har ansvar for at kommunerekneskapen vert tilfredsstillande revidert.

4.1. Nærare om rekneskapsrevisjon

Vår revisjon av årsrekneskapen skal bidra til auka tillit til den økonomiske informasjon som vert gitt frå administrasjonen til kommunestyret og andre brukarar av årsrekneskapen. Revisor skal gjennom revisjonen bidra til å førebyggja og avdekka misleg framferd og feil.

Revisor skal vurdere om årsrekneskapen er avlagt i samsvar med lov og forskrift og om det gir eit uttrykk for den økonomiske verksemda og stillinga ved årsskiftet, i det ligg også om rekneskapen er i medhald med av god kommunal rekneskapsskikk.

Vidare skal revisor i revisjonsmeldinga uttale seg om følgjande:

- a) om årsrekneskapen er avlagt i samsvar med lov og forskrift
- b) om registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar er i samsvar med lov og forskrift
- c) om årsmeldinga inneheld dei opplysningane som er kravd av lov og forskrift
- d) om opplysningane om økonomi i årsmeldinga samsvarar med årsrekneskapen
- e) om det er avdekka forhold som gir grunn til å tru at årsmeldinga ikkje gir dekkande opplysningar om vesentlege budsjettavvik.

Revisor skal vurdere om opplysningane om økonomi i årsmeldinga samsvarar med årsrekneskapen. Vidare skal revisor sjå etter om årsmeldinga gir dekkande opplysningar om vesentlege beløpsmessige avvik frå årsbudsjettet og om vesentlege avvik frå kommunestyret sine premisser for bruken av bevillingane.

Revisor skal også sjå etter om den økonomiske internkontrollen er ordna på ein tryggande måte. Denne vurderinga vil også omfatte økonomisk kriminalitet, herunder kvitvaskingslova sine rapporteringskrav. Revisjonsmeldinga byggjer også på den økonomiske internkontrollen dersom revisor finn dette hensiktsmessig.

Revisor skal vurdere risikoen for at årsrekneskapen ikkje gir riktig informasjon som følge av misleg framferd og feil, og innhente tilstrekkeleg informasjon til å vurdere om det føreligg lov- eller forskriftsbrot som er av vesentleg betydning for årsrekneskapen.

Kontroll av vedtak av betydning for rekneskapen er ein del av rekneskapsrevisjonen, herunder kontroll av at regulert budsjett er i samsvar med gyldige vedtak og riktig presentasjon i årsrekneskapen, og at vesentlege avvik er gjort greie for i årsmeldinga. Det går fram av ny kommunelov at revisor skal vurdere risiko for brot på kommunestyret sine premisser for bruken av bevillingane, og innhente tilstrekkeleg informasjon til å vurdere om årsrekneskapen inneheld vesentlege avvik frå desse premissane. Dette arbeidet vil bli utført i tråd med anbefalingar frå NKRF og god kommunal

revisjonsskikk.

Med tanke på kommunen sin økonomiske internkontroll og budsjettet sin betydning for økonomistyring og rekneskap, føl vi opp perioderapportar og ser til at administrasjonen har etablert eit tilfredsstillande system for oppfølging av politiske og administrative vedtak av økonomisk karakter.

Som ein del av rekneskapsrevisjonen vert det også utført IT-revisjon som omfattar kartlegging av kommunen sine IT-system og ei vurdering av systema sin pålitelegheit og innverknad på rekneskapen og økonomistyringa.

4.2. Rettleiing

Det er hensiktsmessig at vår kunnskap om kommunen og kommunesektoren også kan koma til nytte gjennom råd og rettleiing. Råd og rettleiing kan på førespurnad verta gitt i form av utgreiing og tilrådingar eller som svar på enklare førespurnadar om ulike tema innan økonomiområdet, tolking av regelverk eller liknande. Den tida vi brukar på slike oppgåver, viser seg ofte å vera nyttig for begge partar.

Som revisor kan vi ikkje utføre rettleiingsoppdrag som kan vera eigna til å påverka eller reise tvil om vår uavhengigheit og objektivitet.

4.3. Attestasjonar

Vi gir ei rekke uttaler til offentlege myndigheiter. Dette kan blant anna vera uttaler knytt til bruken av statlege øymerka tilskot. Som til dømes:

- Kompensasjonskrav etter lov om kompensasjon for meirverdiavgift
- Uttale til spelemiddelrekneskap
- Uttale knytt til kommunen si rapportering på tal personar med psykisk utviklingshemming
- Uttale om ressurskrevjande tenester

Vi vil utføre attestasjonsoppgåvene i tråd med internasjonale og norske standardar for attestasjonsoppdrag og god kommunal revisjonsskikk, i tråd med malar frå NKRF.

4.4. Misleg framferd

Om revisor avdekker eller på anna måte blir kjent med misleg framferd, skal revisor straks melde frå om forholdet i skriftleg mellombels melding i nummerert brev til kontrollutvalet, med kopi til kommunedirektøren. Når saksforholdet er nærmare klarlagt, skal revisor sende eit nytt brev om det avdekka forhold.

Det høyrer også til våre oppgåver å vurdere risiko for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen som følge av misleg framferd, og i den samanheng rette førespurnad om slike forhold til kommunen si leiing.

4.5. Forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltinga

I samband med ny kommunelov skal revisor utføre forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltinga. Dette inneber at revisor skal sjå etter om kommunen si økonomiforvalting i hovudsak er i samsvar med regelverk og vedtak. Oppgåva skal basere seg på ein risiko- og vesentlegvurdering som blir gjort kjent for kontrollutvalet. Vidare skal revisor utarbeida ein skriftleg uttale til kontrollutvalet, med kopi til kommunedirektøren, om resultatet av kontrollen innan 30. juni. Dette er ei relativt ny oppgåve i som kjem i tillegg til den ordinære rapporteringa på rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon.


4.6. Nærare om revisjonsarbeidet

Vi legg vekt på til ei kvar tid å ha ein effektiv revisjonsprosess med ein prosessorientert revisjonstilnærming. Vi nyttar det elektroniske revisjonsverktøyet «Descartes». Den generelle revisjonsmetodikken bak Descartes er utvikla av Den norske Revisorforening (DnR), tilpassa kommunal verksemd.

Rekneskapsrevisjonen kan delast inn i tre fasar:

- a) planleggingsfasen
- b) gjennomføringsfasen
- c) avslutningsfasen

Vår revisjonsprosess kan illustrerast slik:



Planleggingsfase

Planleggingsfasa omfattar opparbeiding av forståing for verksemda, herunder førespurnader til leiinga om tema som til dømes habilitet og nærståande partar, etikk og varsling, risikostyring og kontrollmiljø. Vidare blir det utført analytiske kontrollhandlingar, samt observasjon og inspeksjon av dokument.

I planleggingsfasa vert dei største rekneskapspostane vurdert ut frå risiko- og vesentlegheitstilhøve. Her tek vi stilling til korleis vi skal utføre revisjonen for å kunne uttale oss om at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentlege feil eller manglar. I planen inngår også korleis den økonomiske internkontrollen skal verta gjennomgått og testa.

Gjennomføringsfase

I gjennomføringsfasa vert normalt internkontrollen fyrst kartlagt og vurdert. Føremålet med våre gjennomgangar er å kartlegge og teste at internkontrollen fungerer, og byggje vidare på dei kontrollar som kommunen har etablert. Omfanget av våre kontrollhandlingar vil i stor grad vera avhengig av kvaliteten på den interne kontrollen i kommunen, og kva dokumentasjon som finst på utført kontroll. Det er viktig at kontrollane fungerer effektivt for at dei skal kunne verta tillagt vekt som revisjonsbevis. Omfanget av nødvendige substanshandlingar (analytiske revisjonshandlingar og detaljkontrollar) er avhengig av konklusjonane etter testinga av rutinar og system.

Der vi finn det hensiktsmessig og effektivt, vil vi nytta analysar for å få stadfesting på at utvalde postar i rekneskapen ikkje inneheld risiko for vesentlege feil. I førekan av ein slik analyse set vi opp ei forventning til analysa, og ei grense for akseptabelt avvik. Om vår analyse avdekkar avvik utover forventa avvik, vil vi rette førespurnad til leiinga, og vurdere å utvide med ytterlegare, eller supplerande revisjonshandlingar.

Avslutningsfase

I avslutningsfasa vert det konkludert på resultatet av det utførte arbeidet, herunder korvidt det er utført tilstrekkeleg revisjon. Vi rettar førespurnad til leiinga om hendingar etter balansedagen, kommunikasjon av avdekka feil som ikkje er korrigerert, og dialog med administrasjonen om funn og moglege forbetringar.

Det vert føreteke ei avsluttande analyse, og vurdering av formelle tilhøve. Til slutt kjem vi fram til ein totalkonklusjon, kor vi konkluderer på årsrekneskapen, årsmelding og god bokføringsskikk.

Utviklinga av revisjonsstandardar har dei seinare åra gått i retning av meir omfattande og konkrete krav til revisjonen, som i tillegg til å bygge på ein reell risikovurdering, også omfattar kommunikasjon med dei som har overordna ansvar for styring og kontroll.

Revisjonen av kommunen sin årsrekneskap vil som nemnt vera retta mot forhold som er vesentlege for brukarane av rekneskapen. Med brukarane tenkjer vi fyrst og fremst på kommunen sine politikarar og administrasjon, samt innbyggjarane. Hertil kjem eksterne rekneskapsbrukarar som statlege myndigheiter med fleire.

4.7. Prioriterte områder

Vi gjennomfører årleg naudsynte kontrollar for å kunne konkludere på om rekneskapen inneheld vesentlege feil. I tillegg har vi notert oss følgande tilhøve som vi vil prioritere for 2021:

- Kontroll med at det er etablert tilfredsstillende intern kontroll i tråd med kapittel 25 i kommuneloven. Vi vil foreta kartlegging og testing av økonomiske og administrative rutiner forutvalgte risikoområder og virksomheter, av vesentlig betydning for regnskapet.
- Kontroll av at disposisjoner er i tråd med budsjett og premisser for bruken av bevilgningene, og om årsregnskapet inneholder vesentlige avvik fra disse premissene.
- Kontroll av at avslutningen av årsregnskapet og årsoppgjørdisposisjoner blir foretatt i tråd med ny regnskapsforskrift.
- Påse at årsberetningen tilfredsstiller krav i lov og forskrift.
- Rutiner knyttet til kontroll/avstemming av de terminvise momskompensasjons-oppgavene og andre offentlige avgifter.
- Vurdere om merknader i revisjonsrapport nr. 1 datert 26.04.2021 er fylgt opp.
- Eventuell øvrige område som på grunn av spesifikke plikter eller sensitivitet krev særskilt oppfølging.

4.8. Rapportering

Vi er opptatt av å ha ein god og konstruktiv dialog med kommunen. Gjennom året vert det lagt opp til ein løpande dialog og oppfølging med blant anna økonomiavdeling og administrativ leiing. Det vil vera behov for å sikre kommunikasjon med den øvste leiinga i kommunen om vesentlege forhold. I løpet av hausten vil det verta halde møte med rådmann i samband med planlegging av revisjonen. Deretter vil det vera halde oppfølgingsmøter med tilsette i økonomiavdelinga.

Det går fram av kommunelova § 24-7 at revisor skal gi skriftleg melding om

- a) vesentlege feil som kan føre til at årsrekneskapen ikkje gir riktig informasjon
- b) vesentlege manglar ved registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar
- c) vesentlege manglar ved den økonomiske internkontrollen
- d) manglande eller mangelfull utgreiing i årsmelding om vesentlege budsjettavvik
- e) ein kvar misleg framferd
- f) kvifor han eller ho ikkje har skreve under på oppgåver som kommunen eller fylkeskommunen skal sende til offentlig myndigheiter, og som revisor etter lov eller forskrift skal stadfeste
- g) kvifor han eller ho seier frå seg revisjonsoppdraget.

Slike meldingar skal sendast i nummererte brev til kontrollutvalet, med kopi til kommunedirektøren. Videre skal revisor årleg gi ei skriftleg oppsummering til kontrollutvalet om forhold som er teke inn i nummererte brev, men som ikkje er retta opp eller tilstrekkeleg fylgt opp.

Vi vil legge vekt på at revisjonsarbeidet vert utført med god kontakt med administrasjonen, og med skriftleg kommunikasjon der vi finn det naudsynt. Dette kan gjelde forhold som ein ynskjer å få avklart og/eller tilrådingar om forbetring i rutinar.

I tillegg til dei pliktige nummererte breva, vil vi utarbeide to statusrapporteringar til kontrollutvalet for kvart revisjonsår. Vi vil i desse rapportane gjere greie for kva som er utført og resultata av arbeidet, opp mot den overordna revisjonsstrategien. Desse rapportane vil bli utarbeidd per 31.12 som viser resultatet av interimrevisjonen, samt per 15.04 etter gjennomført årsoppgjersrevisjon.

I samsvar med revisjonsforskrifta og gjeldande revisjonsstandardar vil vi utarbeide og legge fram revisjonsmelding til årsrekneskapen.

5. Forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll

Det går fram av kommunelova sin § 23-3 at forvaltningsrevisjon inneber å gjennomføre systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, regeletterleving, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret eller fylkestinget sine vedtak. Eit sentralt føremål med forvaltningsrevisjon er å bidra til vidareutvikling i kommunen/fylkeskommunen. RSK 001 angir kva som er god kommunal revisjonsskikk i forvaltningsrevisjon, og inneheld grunnleggande prinsipp og revisjonshandlingar i forvaltningsrevisjon. Vår gjennomføring og rapportering av forvaltningsrevisjon vil skje i tråd med RSK 001 og god kommunal revisjonsskikk for forvaltningsrevisjon.

Vi vil også utføre eigarskapskontroll i samsvar med dei til ein kvar tid gjeldande krav til revisjon av kommunar, herunder Lov om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven), forskrift om kontrollutval og revisjon. NKRF har utarbeidd eigen rettleiar for utføring av eigarskapskontroll.

Det går fram av kommuneloven sin § 23-4 at eigarskapskontroll inneber å kontrollere om den som utøver kommunen eller fylkeskommunen sin eigarinteresser, gjer dette i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyret eller fylkestinget sine vedtak og anerkjente prinsipp for eigarstyring.

Vi understrekar at det er kontrollutvalet som tek avgjer om kva som skal verta utført av forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. Som kommunen sin revisor rettar vi oss til kontrollutvalet sine bestillingar, som normalt vil vera basert på vedtekne planer for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll samt løpande risiko- og vesentlegheitsvurderingar.

For kvart prosjekt vil det frå oss bli utarbeida ein skriftleg prosjektplan kor det vert gjort greie for prosjektet sine problemstillingar, revisjonskriterier, metodebruk, eventuelle avgrensingar/presiseringar, informasjon om kven som vil utføre prosjektet frå vår side. Vidare vil prosjektplanen omfatte pårekna ressursbruk, samt planlagt tidsrom for rapportering. Om vi ser behov for å endre prosjektet sine problemstilling(ar) eller anna undervegs i prosjektet i ein slik grad at det har vesentleg tyding for bestillinga, vil vi avklare dette i samråd med kontrollutvalet.

Kommunedirektøren vil bli orientert om kvart enkelt prosjekt i form av eit oppstartsbrev med informasjon om blant anna sjølve prosjektet, anmodning om oppnemning av kontaktperson hjå kommunen og kven som vil gjennomføre prosjektet frå vår side. Vi vektlegg god dialog med administrasjonen ved gjennomføringa av ein forvaltningsrevisjon/eigarskapskontroll. Ved utføring av forvaltningsrevisjon vil utkast til rapport verta oversendt til kommunedirektøren, og kommunedirektøren sin uttale vert lagt ved rapporten i tråd med forskrift om kontrollutval og revisjon, § 14, første ledd. Ved utføring av eigarskapskontroll vil utkast til rapport verta oversendt til uttale til verksemda som er omfatta av eigarskapskontrollen og til den som utøver kommunen sin eigarfunksjon, § 14, tredje ledd.

5.1. Prosjekt 2021

Kontrollutvalet bestilte i sitt møte 4. februar 2021, sak 4/21 ein forvaltningsrevisjon på området Eidfjord kommune si rolle i næringsutvikling, med plan om rapportering i haust 2021.

6. Andre oppgåver

I tillegg til revisjon og dei attestasjonsoppgåvene som er omtalt ovanfor, utfører vi også andre oppgåver for kommunen som er foreinleg med våre oppgåver som kommunen sin revisor. Vi nemnar her forskriftsbestemte uttalar frå uavhengig instans i samband med kommunen sin finansforvaltning.

For øvrig vil både kontrollutvalet og administrasjonen kunne be oss å undersøke nærmare særskilde tilhøve og problemstillingar som ikkje går inn under bestemmingane om revisjon.

For 2021 har vi til no ikkje utført undersøkingar av slik art og karakter.

7. Revisjonsteam

Revisjonsteamet har samla sett solid kompetanse og brei erfaring frå revisjon i både privat og kommunal sektor. Vidare har vi medarbeidarar med spesialkompetanse knytt til bl.a. skatt og avgift som det kan vera aktuelt å nytte i samband med rettleiingss spørsmål e.l. Om det skulle oppstå behov for ytterlegare spesialkompetanse, vil dette verta vurdert særskilt.

Revisjonsteamet vil for 2021 bestå av:

Ansvarleg revisor:

Vestlandsrevisjon IKS

Rekneskapsrevisjon:

Oppdragsansvarleg: Elin Bye

Teamleder: Elin Bye

Det kan bli aktuelt å gjera endringar i revisjonsteamet undervegs i arbeidet, og det vert nytta medarbeidarar på teamet.

Forvaltningsrevisjon:

Det vil verta utpekt ein oppdragsansvarleg revisor for kvart forvaltningsrevisjonsprosjekt. Oppdragsansvarleg forvaltningsrevisorar i VR er Arne Gilbakken, Elin Bye og Janne Eraker.

Øvrige forvaltningsrevisorar er Ragnhild K. Høyland.

8. Ressursar

Revisjonshonorar for kalenderåret 2021/2022 tek utgangspunkt i finansieringsmodell vedteke av representantskapet i Vestlandsrevisjon IKS. Budsjettert honorar er gjort kjent for kontrollutvalet.

PENNEO

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur".
De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

Elin Bye

Oppdragsansvarleg revisor

Serienummer: 9578-5993-4-1740859

IP: 85.200.xxx.xxx

2021-11-15 12:27:41 UTC



Dokumentet er signert digitalt, med **Penneo.com**. Alle digitale signatur-data i dokumentet er sikret og validert av den datamaskin-utregnede hash-verdien av det opprinnelige dokument. Dokumentet er låst og tids-stemplet med et sertifikat fra en betrodd tredjepart. All kryptografisk bevis er integrert i denne PDF, for fremtidig validering (hvis nødvendig).

Hvordan bekrefter at dette dokumentet er originalen?

Dokumentet er beskyttet av ett Adobe CDS sertifikat. Når du åpner dokumentet i

Adobe Reader, skal du kunne se at dokumentet er sertifisert av **Penneo e-signature service** <penneo@penneo.com>. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret.

Det er lett å kontrollere de kryptografiske beviser som er lokalisert inne i dokumentet, med Penneo validator - <https://penneo.com/validate>

Penneo Dokumentnøkkel: ZUMPE-JWPUE-U7A7G-PNNBH-EUKYD-2YEEZ



Eidfjord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2020/67-8
Saksbehandlar: Kjartan Haugsnes

Saksgang

Utv	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Eidfjord kommune	48/21	25.11.2021

Møteplan, første møte i 2022

Forslag til vedtak

1. Første møte i kontrollutvalet i Eidfjord vert fredag 04.02.2022
2. Endeleg møteplan for kontrollutvalet 2022 vert handsama i første møte.

Samandrag

Denne saka er kun for å sette møtedato for første møte i 2022. Endeleg møteplan vert handsama i dette møtet då nokre av møta er avhengig av møteplan for andre politiske utval i Eidfjord kommune.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Kjartan Haugsnes
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet skal ha ein møteplan for 2022. Møteplan for kontrollutvalet vert forsøkt lagt opp slik at den og samsvarar med møteplan for kommunestyret og formannskapet i Eidfjord kommune.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet jf. Kommunelova § 23 - 2

Vurderingar og verknader

Det er føremålsteneleg å ha møteplan for kontrollutvalet for heile 2022. Spesielt gjeld dette i høve handsaming av årsmelding og rekneskap for kommunen. Derfor vert endeleg møteplan først handsama i første møte i det nye året.

Konklusjon

Første møte i kontrollutvalet i 2022 vert 04.02.22

Referatsaker

RS 20/21 Vedtak i kommunestyret, forvaltningsrevisjon ny sjukeheim



Styre, utval, komite m.m	Møtedato	Saknr
Eidfjord kommunestyre	14.06.2021	21/032

Prosjekt ny bygdaheim - forvaltningsrevisjon

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret tek rapport etter gjennomført forvaltningsrevisjon av ny sjukeheim i Eidfjord kommune til etterretning.
2. Kommunestyret ber rådmannen syta for at:
 - a) det vert utarbeida eit økonomireglement som omhandlar kommunen sine retningslinjer knytt til økonomi. Det kan eksempelvis inkludera investeringsprosjekt, rapportering og innkjøpsrutinar.
 - b) Eidfjord kommune har ein oppdatert arkivplan i tråd med gjeldande regelverk.
 - c) postmottak i større grad er ein adressat ved inngående post og ved bruk av e-post i saksbehandling for å sikra at dokument vert journalført og lagra i fellesarkivet.
 - d) etterleving av rutinar for journalføring og arkivering hjå tilsette i kommunen vert styrka og styrka internkontrollen i forhold til leiarane sitt arkivansvar.
 - e) eventuelle avvik knytt til arkivrutinane i fagsystem og webhotell vert retta opp.
3. Kommunestyret ber rådmannen rapportere status på oppfølginga med eventuelt vidare framdrift innan 01.11.2021 til kontrollutvalet.

14.06.2021 - Eidfjord kommunestyre

Orientering: Forvaltningsrevisjonen prosjektet ny bygdaheim, ved Arne Gilbakken.

Røysting:

Samrøystes vedteke.

KST - 21/032 - Vedtak:

1. Kommunestyret tek rapport etter gjennomført forvaltningsrevisjon av ny sjukeheim i

Eidfjord kommune til etterretning.

2. Kommunestyret ber rådmannen syta for at:

- a) det vert utarbeida eit økonomireglement som omhandlar kommunen sine retningslinjer knytt til økonomi. Det kan eksempelvis inkludera investeringsprosjekt, rapportering og innkjøpsrutinar.
- b) Eidfjord kommune har ein oppdatert arkivplan i tråd med gjeldande regelverk.
- c) postmottak i større grad er ein adressat ved inngåande post og ved bruk av e-post i saksbehandling for å sikra at dokument vert journalført og lagra i fellesarkivet.
- d) etterleving av rutinar for journalføring og arkivering hjå tilsette i kommunen vert styrka og styrka internkontrollen i forhold til leiarane sitt arkivansvar.
- e) eventuelle avvik knytt til arkivrutinane i fagsystem og webhotell vert retta opp.

3. Kommunestyret ber rådmannen rapportere status på oppfølginga med eventuelt vidare framdrift innan 01.11.2021 til kontrollutvalet.

Vedlagt:

Vedtak skal sendast til:

Endeleg avgjerd i: Eidfjord kommunestyre

Saka gjeld:

Bakgrunn for saka – kontrollutvalet si saksutgreiing

Kontrollutvalet i Eidfjord kommune bestilte forvaltningsrevisjon, bygging av ny sjukeheim i møte 16.02.2017 PS 6/17.

Endeleg prosjektplan vart vedteke i møte 20.04.2017, PS

13/17 Forvaltningsrevisjonen har hatt slikt føremål:

«Føremålet er å sikre at ny sjukeheim vert fullført i høve budsjettramme vedteke for prosjektet. Det er og viktig at prosjektet vert gjennomført i høve tydelege ansvars- og styringslinjer i kommunen og mellom kommune og entreprenør. Til slutt vil forvaltningsrevisjonen sjå til at lovar og reglar i høve lønns og arbeidsvilkår vert følgd.»

Prosjektet fekk slike problemstillingar:

1. Har kommunen system for overordna styring og kontroll med vedteke investeringsprosjekt?

- a) Er organiseringa med ansvar, rollar for gjennomføring av ny sjukeheim inkludert fullmakter, kompetanse og ressursbehov klart definert?
- b) Er det etablert tilstrekkelege rutinar for rapportering og vert desse etterlevd?
- c) Har kommunen tilfredsstillande system for planlegging, styring og kontroll over vedtekne investeringar til ny sjukeheim?
- d) Har kommunen rutinar som sikrar at informasjonen i systemet er fullstendig og korrekt?
- e) Har kommunen rutinar og system for endrings- og avvikshandtering og korleis vert

dette følgt opp?

- f) Har kommunen tilfredsstillende rutinar for kvalitetssikring av leveransar og utbetaling til leverandør?
- g) Har kommunen sett krav til dokumentasjon og utarbeiding av rutinar for vedlikehald og drift av bygningsmassen frå leverandør/entreprenør?
- h) Har kommunen retningslinjer for administrativ og/eller politisk godkjenning av endeleg prosjektrekneskap?

2. Har kommunen system og rutinar som sikrar at byggeprosjektet vert utført i samsvar med regelverk og interne rutinar/retningslinjer?

Her vil me sjå på:

- a) Har kommunen sikra at lovverket vert etterlevd m.a. i forhold til HMT, sosial dumping og bruk av lærlingar?
- b) Er det utarbeida retningslinjer/krav til kvalitetssikring i samband med kontraktsinngåing?
- c) Er det etablert rutinar for risikovurdering av byggeprosjektet i forhold til prosjektering, planlegging, gjennomføring og kvalitetskontroll, og vert desse følgt opp?

I samråd med sekretariatet og kontrollutvalet i møte 27.11.20 vart fylgjande problemstilling lagt til prosjektplanen:

Har kommunen ein arkivplan i tråd med gjeldande regelverk og standard, og i kva grad etterlever byggeprosjektet kommunen sine rutinar for journalføring og arkivering?

Kontrollutvalet v/sekretariatet mottok rapport etter gjennomført forvaltningsrevisjon 19.01.2021 Rapporten er vedlagt saka.

I kontrollutvalet sitt møte 04.02.2021 PS 3/21 gjorde utvalet slikt vedtak:

- 1. Kontrollutvalet ber revisjonen gå i dialog med rådmann slik at feil påpeika frå rådmannen si side vert avklara før rapport vert lagt fram for endeleg handsaming i kontrollutval og kommunestyre.
- 2. Kontrollutvalet ber revisjon gjere greie for kvifor det ikkje vart gjort bruk av dagbøter i prosjektet, og kven som hadde mynde til å avgjere dette?
- 3. Kontrollutvalet ber revisjonen undersøke med Eidfjord kommune at alt arkivmateriale i prosjektet er tilgjengeleg for kommunen etter at prosjektet vart ferdigstilt.

Sekretariatet mottok tilbakemelding frå revisor i høve dette vedtaket 27.04.2021 (sjå vedlegg) Her ligg utfyllande svar/kommnetar frå rådmann.

Sekretariatet stør seg til rådmannen sin konklusjon som lyder:

«Rådmannen ser ikkje nokon grunn til at rapporten etter forvaltningsrevisjonen etter Bygdaheimprosjektet treng endrast eller justerast i forhold til det som er lagt fram».

og legg opp til at rapporten no kan handsamast som planlagt.

Vedtakskompetanse:

Det er kontrollutvalet som har ansvar for å gjennomføre slike revisjonar. Det er likevel kommunestyret som har avgjersmynde i saka, etter innstilling frå kontrollutvalet, når revisjonsrapport ligg føre, jf. kommunelova § 23-3.

Vurderingar og verknader:

Føremålet med denne forvaltningsrevisjon har vore å sikre at ny sjukeheim vert fullført i høve budsjettramme vedteke for prosjektet. Det er og viktig at prosjektet vert gjennomført i høve tydelege ansvars- og styringslinjer i kommunen og mellom kommune og entreprenør, og at lovar og reglar i høve lønns og arbeidsvilkår vert følgt.»

Forvaltningsrevisjonsprosjektet har no vore i drift i omlag fire år. Det har vore ei lang reise for to kontrollutval og sekretariatet. Revisjonen har hatt milepælsorienteringar i kvart kontrollutvalsmøte sidan oppstart våren 2017 og administrasjon og prosjektleiing har orientert utvalet når det har vore trong for det. Kontrollutvalet har vore på to synfaringar og etter sekretariatet si meining har samarbeidet mellom kommuneadministrasjonen, kontrollutvalet og revisjon vore bra i heile prosessen.

Rapporten er delt i tre deler og det er to sjølvstendige vedlegg til rapporten. Vedlegg 2 er høyringssvaret frå rådmannen og utfyllande svar, vedlegg 3. Oppdraget er utført i samsvar med gjeldande standard for forvaltningsrevisjon (RSK 001) IHR har i denne forvaltningsrevisjonen nytta dokumentanalyse og intervju (Punkt 2.4 – Metode)

Revisjonen skriver slik om dokumentanalyse:

«Revisjonen har undersøkt enkelte leveransebeskrivingar i diverse «bøker» knytt til konkurransegrunnlaget og kontrakt med generalentreprenøren. Me har fått demonstrert prosjektstyringsverktøyet ISY-Prosjekt Økonomi systemet (ISY-PØ) som Eidfjord kommune har nytta. I tillegg har me kontrollert diverse dokument i byggeprosjektet til dømes møtereferat, SHAplan (Sikkerheit/Helse/Arbeidsmiljø) og avvik som er lagt inn på prosjekthotellet til entreprenøren.

Me har også undersøkt om prosjektet har etterlevd lovpålagte reglar om fortløpande arkivering av arkivverdig materiale til kommunen sitt arkiv, herunder kontraktar, avvik, bygg- og kontraktsmessige endringar. Diverse kontraktar og dokumenter knytt til ferdigstilling og overtaking i dei to byggefasane har vore kontrollert og drøfta med prosjektleiinga.

Prosjektrekneskapen har vore gjenstand for finansiell revisjon og nøkkeltala er innarbeidd i rapporten.

I tillegg har revisjonen henta inn fleire arbeidskontraktar og lønsslippar for personar som har vore tilsett hjå ulike underleverandørar til OBAS Vest AS (OBAS). Verksemdene som har vore valt ut er gjort ut frå kva verksemder og fagområde Arbeidstilsynet vurderer at risikoen for brot på regelverk er størst.»

Rapporten har vore send til uttale til rådmannen, som har kome med høyringsuttale. I høyringsuttalen har rådmannen kome med nokre innspel det no er kome utfyllande informasjon om.

Rådmannen skriv mellom anna slik:

«Revisjonen sin rapport er delvis ein historisk oppsummering av enkelte forhold gjennom byggefasen. Det framstår for rådmannen litt tilfeldig kva som har blitt fokusert på, men totalt sett gjev rapporten eit greit bilde på historikken.

Rådmannen skriv og slik i konklusjonen på høyringsbrevet:

«Tilrådingane frå revisjonen som vert presentert i den endelige rapporten vil bli gjennomgått og relevante rutinar og regelverk vil bli justert så langt det er fornuftig i

forhold til tilrådingar rapporten konkluderer med.

Rådmannen vil takke revisjonen for eit godt og nyttig samarbeid gjennom byggefasen og for gode innspel og tilrådingar i samand med revisjonsrapporten.

Eidfjord Bygdaheim er blitt eit fantastisk praktbygg som kommunen, tilsette og bebuarane kan vera stolte av og som ein vil ha glede av i mange år.»

I høve føremål med revisjonen og kommunen sine mål om å få ein ny sjukeheim til vedteke budsjett er sekretariatet av den oppfatning at bygging ny sjukeheim innfrir måla.

Etter sekretariatet si vurdering har IHR/Vestlandsrevisjon IKS levert ein rapport som i all hovudsak samsvar med kontrollutvalet si bestilling.

Konklusjon:

Kontrollutvalet har eit særskilt ansvar for å følgje opp at kommunestyret sine vedtak i samband med handsaming av revisjonsrapportar vert følgd opp. Det vert vist til Kommunelova § 23-2, e) der det står dette:

«kontrollutvalget skal påse at:


e) vedtak som kommunestyret eller fylkestinget treffer ved behandling av revisjonsrapporter, blir fulgt opp.»

Forslag til innstilling i saksframlegget, byggjer på forslag til tiltak i rapporten. Det vil vera naturleg at rådmannen i Eidfjord kommune får ansvar for å sette i verk naudsynte tiltak i høve tilrådingane i rapporten.

Geir Underhaug
rådmann

Underhaug, Geir
sakshandsamar

Rett utskrift:



Årsmelding 2020-2021

Mobbeombodet i Vestland

Innhald

Forord.....	3
Samandrag	4
Mobbeombodet i Vestland	5
Mobbeombodets arbeid i 2020-2021	6
Kvifor har ikkje barn det bra?.....	8
Kva sviktar i handteringa?	10
Kva for hjelp ønskjer tilsette?	14
Kva skal til for å lukkast med handtering? Oppmodingar	15
1) Tru på barn.....	15
2) Ekte samarbeid.....	15
3) Kjenn barn sine rettar	16
4) Forstå	17
5) Be om hjelp	17
Vegen vidare.....	18
Kjeldeliste	19

Teikninga på framsida er laga av Jenny Hop Torvund, 14 år

Forord

Dette er årsmeldinga frå mobbeombodet i Vestland til fylkestinget i Vestland. Årsmeldinga gjeld for barnehage- og skuleåret 2020-2021. Den er skriven med utgangspunkt i dei førespurnadane som har kome til mobbeombodet og det arbeidet som har vorte gjort. Vi rapporterer til fylkestinget for å vise korleis ressursar har vore nytta, men enno meir for å peike på svakheiter og sjå moglegheiter som kan vere eigna i det vidare arbeidet i fylkeskommunen og kommunane.

Når mobbeombodet mottar ein førespurnad, høyrer vi om barn som ikkje har det trygt og godt på skulen eller i barnehagen. Vi får innsyn i kva som ligg i barns opplevingar av å ikkje ha det trygt og godt og kva hjelp dei ønskjer. Dette er viktig å løfte og gjere kjent. Når eit barn ikkje har det bra, bør foreldre i dei aller fleste saker involverast. Dei har omsorgsplikt og har rett til å bli informert om saker som angår barnet. Foreldre er ein viktig del av arbeidet med trygge og gode psykososiale miljø. I år har vi valt å ha særleg fokus på foreldre i årsmeldinga.

I rolla som mobbeombod kjem vi òg i posisjon til å sjå kva som konkret fremmar og hemmar gode løysingar i skule og barnehage, og kva tilsette og støttesystem ønskjer hjelp til. Dette må vi formidle.

Vi takkar alle som har tatt kontakt med oss og dei vi har samarbeidd med dette året. Vi har lært av kvarandre, og vi utviklar oss stadig. Vi tar med oss vidare all tilbakemelding vi har fått. Vi er særlege takksame for samarbeidspartar som har utfordra oss på eige arbeid. Det har bidrege til at vi utviklar rolla vår og kvaliteten på tenesta vi leverer.

Vi ber særleg om at ansvarlege politikarar, administrasjon og tilsette i skule og barnehage løftar og bruker årsmeldinga. Les den, lytt til erfaringane frå elevar, foreldre og tilsette, og kontakt oss gjerne om du vil høyre meir!

Aina Drage og Mari-Kristine Morberg,
Mobbeombod i Vestland, 01.07.21

Samandrag

Alle barn og elevar skal ha trygge og gode psykososiale miljø. Barnehagen og skulen skal ha nulltoleranse for krenkingar som til dømes mobbing, trakassering og diskriminering, og dei har ei aktivitetsplikt når eit barn ikkje har eit trygt og godt leik- og læringsmiljø.

Mobbeombodet i Vestland er eit lågterskeltilbod for barn og unge i barnehage og grunnskule i Vestland, og for deira foreldre. Mobbeombodet skal bidra til at barn og unge får oppfylt rettane sine til trygge og gode barnehage- og skulemiljø.

Vårt arbeid har dreidd seg både om førebygging, handtering og oppfølging av utrygge miljø og mobbing. Vi har mottatt 201 førespurnader som gjeld barnehage- og/eller skulemiljø i Vestland. Det er flest foreldre som har tatt kontakt, men vi har òg mottatt førespurnader frå tilsette. Mobbeombodet har deltatt med innlegg og føredrag for foreldre, for tilsette og for lokalpolitikarar. I samarbeid med elev- og lærlingombodet har mobbeombodet jobba for å utvikle ei god teneste for barn og unge. Saman har vi òg hatt faste møte med politisk og administrativt nivå. Slik har både tenesta blitt tatt i vare og erfaringar fanga opp og delt med ansvarlege. Gjennom året har det òg vore eit mål å gjere mobbeombodstenesta synleg for dei vi er sett til å hjelpe.

Barns opplevingar av utrygge miljø er samansette og handlar om meir enn mobbing. Barn viser til utrygge miljø, tydelege overtramp og krenkingar som kan vere vanskelege å fange opp.

I handtering av saker er barnehagen/skulen sin evne og kompetanse avgjerande. Foreldre som tar kontakt med oss opplever at barnet deira ikkje får den hjelpa dei treng og som barnet har krav på. Det kan vere at barnet ikkje blir trudd eller opplevingane blir bagatelliserte. Nokre gongar verkar ikkje tiltak, andre tiltak forverrar situasjonen eller opplevast krenkjande. Når barn har det vanskeleg, ser vi at foreldre også blir meir sårbare. Når foreldre og skule/barnehage ikkje forstår situasjonen likt, utløyser det ofte stress for ein eller begge partar. Det kan føre til konfliktfylte situasjonar. Slike konfliktsituasjonar er noko av det tilsette ber om hjelp til.

Basert på førespurnadane i 2020-21 har mobbeombodet følgjande oppmodingar til ansvarlege i barnehage og skule:

- 1) Tru på barn. Alle tilsette må ha kompetanse og ressursar til å ta imot barn som fortel om at dei ikkje har det bra.
- 2) Samarbeid på ekte. Foreldre må bli sett på som ein likeverdig partnar og verdifull bidragsytar.
- 3) Kjenn barn sine rettar. Vaksne som jobbar med barn må ha kunnskap om barn sine rettar og korleis ein gjer ei vurdering av barnets beste.
- 4) Forstå. Alle tilsette i barnehage og skule må ha god kompetanse om grupper, gruppedynamikk, sosialt samspel og mobbing.
- 5) Be om hjelp. Gode vaksne har òg behov for hjelp, dei må vite når dei skal be om det og dei må ha naudsynt kompetanse tilgjengeleg.

Mobbeombodet i Vestland

Mobbeombodet i Vestland er eit lågterskeltilbod for barn i barnehage og grunnskule, og for deira foreldre. Mobbeombodet skal bidra til at barn og unge får oppfylt rettane sine til trygge og gode barnehage- og skulemiljø. Det inneber at alle kan spørje ombodet om råd som gjeld barnehage- og skulemiljø. Mobbeombodet har teieplikt.

I Vestland var det i 2020 registrert 34 049 barn i barnehagar¹ og 76 867 elevar i grunnskulen².



Mari-Kristine Morberg og Aina Drage.
Foto: Vestland fylkeskommune v/Mathilde Valvatne

Mobbeombodet er uavhengig av politiske og administrative myndigheiter. Saman med elev- og lærlingombodet er vi plasserte i fylkeskommunedirektøren sin stab, i avdeling for organisasjon og økonomi. Ombodet har kontorstad ved fylkeshusa på Bergen og Leikanger.

Fylkestinget i Vestland vedtok 10.6.2020 mandat³ som mobbeombodet arbeider ut frå. Først og fremst gir vi støtte, råd og rettleiing til foreldre til enkelte barn. Vi samarbeider med foreldregrupper og tilsette i barnehage og skule, og vi bidreg med faglege innspel til barnehage- og skuleleiing og til lokalpolitikarar i kommunestyre. Vi arbeider med både førebygging, handtering og oppfølging av utrygge miljø og mobbing.

Kontaktinformasjon til Mobbeombodet i Vestland

Telefon: 57 30 03 33

E-post: mobbeombod@vlfk.no

Nettside: vlfk.no/mobbeombodet

Du kan òg helse på oss i presentasjonsfilm: <https://www.youtube.com/watch?v=eYGUelUNZkg>

¹ <https://www.ssb.no/utdanning/barnehager/statistikk/barnehager>


² <https://www.ssb.no/utdanning/grunnskoler/statistikk/elevar-i-grunnskolen>

³ <https://www.vestlandfylke.no/utdanning-og-karriere/hjelp-i-skulekvardagen/mobbeombodet/kva-er-og-kva-gjer-mobbeombodet/>

Mobbeombodets arbeid i 2020-2021

Førespurnadar som gjeld enkelte barn eller konkrete saker der barn er involvert.

Mobbeombodet har mottatt 201 førespurnader som gjeld barnehage- og/eller skulemiljø i Vestland. Dei fleste som har tatt kontakt er foreldre til barn som opplever utrygt barnehage- eller skulemiljø. Også tilsette i barnehage og skule har tatt kontakt, ofte for å få rettleiing eller råd i ei sak. Tabellane under syner korleis førespurnadane fordeler seg på felt, alder, kjønn og kven som har tatt kontakt med OSS.




Dei fleste, og totalt 167 førespurnader, har kome frå skulefeltet.

Diagrammet syner òg at barnehage brukar tenesta, totalt 7 førespurnader.

Vi har mottatt 15 førespurnader som gjeld situasjonar utanfor barnehage og skule.

12 av førespurnadane har dreidd seg om generelle råd; tolking av lovtekst, utvikle rutinar, generelle spørsmål om aktivitetsplikt og -plan.




Dei fleste som tar kontakt med oss informerer om kva klassetrinn det gjeld, men ikkje alle.

Det er flest førespurnadar på mellomtrinnet.

For barnhagefeltet er det flest førespurnader som gjeld dei eldste barna.

Fordeling mellom kjønn er tilnærma likt, men også her er det ikkje alle som informerer om kjønn.



Tilsette som har kontakta oss har i hovudsak vore leiarar i barnehage/skule, men inkluderer òg lærarar i klasse og førskulelærarar i avdeling.

Med «hjelpesystem» meiner vi mellom anna PPT, skulehelseteneste og BUP.


«Andre» som har tatt kontakt inkluderer FAU-representant, advokat, slekt og venner av familie.

Førespurnader frå tilsette i barnehage, skule og støtteapparat rundt barn

Gjennom året har vi òg mottatt spørsmål og førespurnader som gjeld system meir enn enkelte barn. Det har i all hovudsak vore tilsette i barnehage, skule, leing, kommuneadministrasjon og støtteapparat som har tatt kontakt. Vi har mellom anna bidratt ved å drøfta tolking av lovtekst, praktiske konsekvensar av lovtekst, rutinar for handtering av urolege/utrygge miljø og utarbeiding av heilskaplege kommunale retningslinjer.

Innlegg og føredrag som gjeld barnehage- og skulemiljø

Mobbeombodet har deltatt på foreldremøte, ofte med tema *trygge fellesskap* og *sosiale prosessar*. Vi har òg gjennomført føredrag/temaøktar med tilsette i barnehage og skule, SFO og kulturskule. Kommunar har invitert mobbeombodet til politiske møte der vi har fått fortelje om erfaringane våre. Vi har vekta kva barns opplevingar handlar om, og våre tankar om kva som hemmar og fremmar løysing i saker.



Ved invitasjon, og med omsyn til kapasitet, har mobbeombodet halde føredrag og innlegg for aktuelle og ansvarlege i barns miljø.

Å treffe elevar og foreldre har vore viktig med omsyn til å gjere mobbeombodet kjend.

Å vere synlege for dei vi er sett til å hjelpe

Evaluering av mobbeombodstenesta viste at ordninga har hatt effekt, men at den har vore lite kjent.⁴ Vi har jobba på fleire måtar for å gjere tenesta betre kjent.

- Vi har sendt e-post med informasjonsplakatar til aktuelle aktørar i kommunar, med mål om å gjere informasjonen lett tilgjengeleg for barn og foreldre. Vi ser at mange kommunar, skular, barnehagar, fylkeskommunale skular og tannklinikkar i Vestland informerer om tenesta.
- Gjennom eigen profil på Facebook⁵ og Instagram⁶ rettar vi oss mot foreldre og mot ungdom. Her har vi delt aktuell informasjon for målgruppa.
- I løpet av året har vi hatt praksisstudent frå universitetet i Bergen og masterprogrammet *Kommunikasjon og medievitskap*. I samarbeid har vi laga korte filmar, mellom anna presentasjon av mobbeombodet i Vestland.⁷
- I fysiske og digitale besøk i klasserom og foreldremøte har vi presentert oss sjølve og mobbeombodstenesta.
- Mobbeombodet har skriva debattinnlegg og stilt opp til intervju i aktuelle saker i media, totalt 19 slike innlegg/intervju fordelt på lokalaviser, regionaviser, lokalradio og TV.

⁴ https://www.udir.no/contentassets/a252bc9ffb8d43819923e1c2c164a51f/fylkesvise-_mobbeombud_nova-rapport-2020.pdf

⁵ <https://www.facebook.com/mobbeombod>

⁶ <https://www.instagram.com/ombodvestland/?hl=nb>

⁷ <https://www.youtube.com/watch?v=eYGUelUNZkg>

Samarbeid med elev- og lærlingombodet i Vestland

Mobbeombodet og elev- og lærlingombodet har hatt faste møte. Vi har samarbeidd for å utvikle ei god teneste for alle barn og unge i fylket. Vi har sett på moglegheiter for konkrete samarbeidsprosjekt og har jobba med interne rutinar og retningslinjer.

Vi har hatt møte med fylkespolitikarar og fylkesadministrasjonen. Tema for møta har vore arbeidet og erfaringane til omboda.

Deltaking i nasjonalt nettverk, saman med andre fylkesvise mobbeombod og elev- og lærlingombod

Fylkesvise mobbeombod, elev- og lærlingombod og oppvekstombod har eit nasjonalt nettverk. Gjennom faste digitale samlingar og i arbeidsgrupper har vi hatt faglege drøftingar, delt erfaringar og gitt høyringssvar. Læringsmiljøsenderet i Stavanger har hatt i oppgåve å legge til rette for kompetansesamlingar for omboda. Å vere i nettverk med andre ombod har bidratt til fagleg utvikling og rolleforståing. Eit av mobbeomboda i Vestland sit i nettverkets arbeidsutval.

Kvifor har ikkje barn det bra?

«Det må vere to meter mellom alle, men det spelar inga rolle, for det er allereie fleire kilometer mellom meg og dei andre»
- jente, 12 år

Tydelege og skjulte krenkingar

Barn og unge er saman i barnehage, på skule, på skuleveg, på fritid og på nett. Barn som opplever mobbing og krenking, viser til at krenking skjer på fleire stader, i ulike situasjonar og på ulike måtar. Barn fortel både om tydelege og meir skjulte krenkingar. Førespurnadar vi får handlar ofte om verbal, relasjonell og fysisk krenking, og om urolege klassemiljø.

Barn fortel om å bli kalla ufine ting, til dømes kommentarar på utsjånad. Dei blir bedne om å flytte seg for andre. Trugslar om overgrep eller vald skjer, til dømes at personen skal bli skada. Rasistiske utsegn og kommentarar som gjeld identitet er òg ein del av opplevingane. Dette skjer både ansikt til ansikt og digitalt.

Digitale krenkingar kjem fram på ulikt vis. Barn blir utestengt frå digitale møteplassar og får ikkje merksemd frå andre. Å bli utestengt frå fellesskap, om det er fysiske eller digitale, gjer vondt. Barn får krenkande meldingar; oppmodingar om å skade seg sjølv eller ta livet sitt. Barn opplever å bli tatt og delt bilde av, det blir spreidd rykte om dei, eller dei får tilsendt bilde og meldingar av seksuell karakter. Nokre har opplevd at mobbing oppstår i etterkant av digitale hendingar der dei sjølv har gjort ugreie ting.

Barn fortel om situasjonar der eigendelar har vorte øydelagde; til dømes sykkel, klede på gangen og matpakke som blir trakka på.

Fysiske krenkingar og vald skjer. Vi høyrer om slag, biting, klyping, dytting, spark i skrittet og kvelartak. Barn blir kasta ting på, som viskelêr, snøball eller diverse ballar i gymtimen. Barn blir tissa på, seksuelt trakasserte og halde fast medan andre slår.

"Det er berre plass til 18 i denne leiken. Du kan ikkje vere med."
- 4. klassing

«Det einaste som
hjelper er å slå»

- gut, 11 år

Vi høyrer om barn som blir terga til dei sprekk, som slår tilbake, rasar og øydelegg ting. Fleire av desse opplever å bli gjort ansvarlege for det som skjer og blir tildelt skuld for situasjonen.

Det handlar òg om klassemiljø som har vore uroleg over tid. Ofte ser vi at utrygge klassemiljø har kjenneteikn som ugrei språkbruk, ustabile klassefelleskap og klikk-danning. I slike miljø kan alliansar i stor grad definere rollar og innan- og utanforskap.

Mange som tar kontakt med oss har levd i utrygge miljø tidlegare. Mange fortel at dei har blitt utsett for krenking og mobbing over lang tid, at det starta i barnehagen eller at dei har hatt aktivitetsplan eit år eller to tilbake i tid. Føresurnadar vi har mottatt i år syner at mobbing har starta opp att i same miljø, der ein tidlegare har klart å stoppe det. Vi ser òg at krenkingar kan starte opp att etter strukturelle/organisatoriske endringar; til dømes ved skifte av gruppe (base/trinnorganisert skule), skifte av lærar eller ved overgang til ny skule (ungdomsskule eller byte av skule på grunn av mobbing).

Krenka av vaksne

Når barn og unge opplever mobbing eller krenking frå vaksne, har det ofte handla om situasjonar der 1) vaksne krenker barn, 2) vaksne blir opplevd som ein utrygg faktor eller 3) barnet manglar ein trygg vaksenrelasjon i barnehagen eller ved skulen.

Barn som opplever krenking frå vaksne, fortel om tydelege overtramp og meir skjulte eller udefinierbare. Vi har høyrte om barn som har opplevd å få straff; kjeft i samla klasse, utestengt frå time ved at døra blir låst, innestengt i kott, klype i armen og bli tatt kvelartak på. Barn som har opplevd slike hendingar, fortel at dei blir redde for den vaksne og at frykta sit i kroppen i lang tid etterpå. Barn som observerer at andre barn blir utsette for slike krenkingar vil òg ofte oppleve den vaksne som utrygg.

Når relasjonen mellom barn og tilsett er skjør, vil samhandling mellom dei opplevast annleis enn når relasjonen er trygg og god (Flygare & Nordahl 2016). Vi ser at det her ligg ein risiko for at den tilsette seier og gjer, sjølv med dei beste intensjonar, kan bli opplevd krenkande. Vi høyrer òg om barn som ikkje kjenner seg likt av vaksne.

Symptom

Barn som blir utsette for krenking og mobbing får sår. Mange ønskjer ikkje å vere i barnehagen eller på skulen, og gir tydeleg uttrykk for det. Samstundes ser vi at dei fleste av desse barna likevel møter opp. Vi høyrer om barn som utviklar egne strategiar for å unngå situasjonar; gøyme seg, rømme frå skulen eller finne vikarierende argument for å sleppe å vere saman med andre i klassen.

Barn blir prega av utryggheit, krenking og mobbing. Ofte høyrer vi om endra åtferd og auka grad av frykt. Mange blir redde for å vere aleine, for å gå til skulen, vere på skulen, sove aleine og redde for ikkje å bli trudd på. Barn blir nedstemte, deprimerde og ukonsentrerte. Vi ser òg auka trong til kontroll; at dagar må vere føreseielege og situasjonar kontrollerbare.

Nokre barn utagerer og angrip andre når dei sjølv er utrygge, medan andre vert stille og passive. Nokre skadar seg sjølv. Auka fråvær er vanleg. Nokre barn blir sjukemelde av legen sin. Fleire av barna og ungdommane som har stått i utanforskap, krenking, mobbing og utrygge miljø over tid, uttrykker òg ønskje om ikkje å leve lenger.

"Det er ikkje noko
vits i at eg lever"

- gut, 15 år

Kva sviktar i handteringa?

Når mobbeombodet blir kontakta er det som regel fordi barn ikkje har det bra og i tillegg har noko svikta i handteringa av saka. Vi får tilgang til informasjon om kva som har gått gale. I skuleåret 2020-21 er det i stor grad dei same problemstillingane i handteringa som tidlegare. Vi meiner det er viktig å trekke desse fram og vise korleis dei påverkar ei sak. Problemstillingane som oftast går igjen er

- bagatellisering
- skulen/barnehagen tar ikkje (synleg) tak i saka
- manglande kommunikasjon og samarbeid
- krenkande kommunikasjon/sakshandsaming
- tiltak blir ikkje sett i verk, opplevast ikkje som treffsikre eller gjer vondt verre
- enkeltbarn blir gjort ansvarlege

Når ein familie opplever alt dette i ei og same sak, opplevast det som svært krevjande. Når handtering feilar tidleg i prosessen pregar det ofte saka vidare. Det krev tid og energi å rette og bygge opp att tillit. For å prøve å vise problemstillingane som går att, og kva som påverkar prosessen, har vi laga ein fiktivt case som vi no presenterer.

Sofie – ein case om handtering av skulemiljøsak

«Sofie» er 12 år. Ho har lenge hatt det vanskeleg sosialt. Det har vore mykje uro i klassen dei siste åra. Sofie har fortalt kontaktlæraren sin om konflikter og ugreie ting som skjer i friminutta. Foreldra hennar har ved fleire høve sendt mail og tatt opp på utviklingssamtale at dei er litt urolege for konfliktane og krenkingane som Sofie fortel om.

Læraren seier at Sofie har vener både i klassen og i parallellklassen og han trur ho for det meste har det bra. Det å bli utestengt er noko alle jentene i klassen opplever i blant, men han seier han skal snakke med dei involverte. Ting blir betre nokre veker, men så er det tilbake til slik det var tidlegare.

Før førre utviklingssamtale var det nokre episodar der Sofie blei kalla stygge ting på Tik Tok, så no har foreldra samla mot nok til å be skulen gjere noko. «Vi kan ikkje sjå krenkingar. Meiner de at det er mobbing? Kan de vente litt med å melde 9A-sak?» Kontaktlæraren til Sofie tenkjer at dette er ei problemstilling han har god oversikt over, og ikkje noko han bør bry rektor med.

Vi ser at:

- Barn og foreldre har meldt frå ved fleire høve, ofte over år, utan å oppleve varig endring.
- Vaksne får ikkje med seg og klarer ikkje å sjå det barna fortel om.
- Skule/barnehage og barn/foreldre har ulik forståing av det som går føre seg.
- I meir enn 1/3 av sakene har ikkje barnet fått aktivitetsplan som skildrar kva tiltak skulen/barnehagen skal gjere for å betre situasjonen for barnet.⁷

«Kanskje de kan vente litt med å melde 9A-sak?»
- kontaktlærar

⁷ Dette gjeld nok langt fleire enn det som kjem fram i våre samtalar.

- Ein del tilsette uttrykker at det må handle om mobbing for at aktivitetsplikta skal gjelde.⁸ Skule og barnehage har plikt til å sikre at barn har eit trygt og godt psykososialt miljø etter opplæringslova og barnehagelova. Elevar har òg ein individuell rett på eit trygt og godt miljø. Usikkerheit om lovverk fører til gjentatte lovbrøt.

Krevjande kommunikasjon

Foreldra til Sofie meiner at dei får lite informasjon frå skulen. Ut på hausten i 6. klasse sender dei ei melding til rektor kor dei viser til kapittel 9A i opplæringslova. Dei blir kalla inn til møte på skulen veka etter. I e-posten er det ingen informasjon om kor på skulen møte skal vere, agenda for møte, kor lang tid som er sett av eller kven som skal delta. Foreldra kvir seg allereie. Det å ikkje vite kva som skal gå føre seg, er eit stressmoment.

Kontaktlærar og avdelingsleiar deltar på møtet. Sofie er ikkje invitert. Foreldra fortel nok ein gong om dei viktigaste hendingane og historikken sidan 3. klasse. Avdelingsleiar fortel at dei har følgd med den siste veka, og at dei ikkje kan sjå at Sofie er utrygg. Dei har snakka med Sofie og nokre av elevane i klassen som det har vore episodar med. «Dei fortel ulike versjonar av det som går føre seg, så her er det fleire historier», fortel læraren. Avdelingsleiar meiner Sofie ikkje har bruk for aktivitetsplan, men at dei skal fortsette å følgje med. Kontaktlærar fortel òg at dei etter jul skal starte med jentegrupper på trinnet. «Det vil vere bra for alle. Vi jobbar jo med sosial kompetanse heile tida», seier dei, og legg til at dei kan sjå på moglegheita for å lage friminuttsgrupper.

«Vi ser at ho har vener, så ho treng ikkje noko aktivitetsplan»

- skuleleiar

Etter møtet ventar foreldra på referat, men får ikkje noko tilsendt. Dei er usikre på kva skulen og dei sjølve skal gjere vidare.

Vi høyrer at:

- Barnet si stemme manglar ofte i møte og i saker som gjeld dei sjølve.
- Foreldre må etterspørje informasjon og etterlyse framdrift. Dei kjenner seg som ei byrde for skulen/barnehagen.⁹
- Foreldre får lite informasjon om korleis skulen/barnehagen har gjort undersøkingar. Då er vanskeleg å vere trygg på at det er undersøkt godt nok.
- Uryddig forvaltningsskikk går igjen; å ikkje få skriftleg innkalling med tilstrekkeleg informasjon til møte, manglande referat frå møte, at ein ikkje får høve til godkjenne referat, osb.

⁸ § 9 A-4: «Alle som arbeider på skolen, skal følgje med på om elevane har eit trygt og godt skolemiljø, og gripe inn mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering dersom det er mogleg. Alle som arbeider på skolen, skal varsle rektor dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø. Rektor skal varsle skoleeigaren i alvorlege tilfelle. Ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø, skal skolen snarast undersøkje saka. Når ein elev seier at skolemiljøet ikkje er trygt og godt, skal skolen så langt det finst eigna tiltak sørgje for at eleven får eit trygt og godt skolemiljø. Det same gjeld når ei undersøking viser at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø. Skolen skal sørgje for at involverte elevar blir høyrde. Kva som er best for elevane, skal vere eit grunnleggjande omsyn i skolen sitt arbeid. Skolen skal lage ein skriftleg plan når det skal gjerast tiltak i ei sak». I planen skal det stå a) kva problem tiltaka skal løyse, b) kva tiltak skolen har planlagt, c) når tiltaka skal gjennomførast, d) kven som er ansvarleg for gjennomføringa av tiltaka, e) når tiltaka skal evaluerast. Skolen skal dokumentere kva som blir gjort for å oppfylle aktivitetsplikta etter første til femte ledd.» Skulen skal klare å fange det opp når ein elev fortel at han/ho ikkje har det trygt og godt og det skal vere låg terskel for å varsle rektor.

⁹ Det er særleg mange som har kjent på det det siste året, - dei veit at skulen og barnehagen har det ekstra krevjande med korona og smittevern.

Samarbeid

Det kjennast som om skulen ikkje tar opplevingane til Sofie på alvor. Samstundes er ikkje foreldra på skulen og kan sjå kva som faktisk skjer mellom jentene. Foreldra har alltid hatt eit godt samarbeid med kontaktlærar og dei liker han godt. Dei vil ikkje kritisere jobben han gjer, det er tydeleg at han bryr seg om Sofie. I tillegg er dei urolege for at ei klage ikkje vil hjelpe situasjonen til Sofie. Kanskje blir det verre?

«Men korleis kan eg slutte å melde frå om alt barnet mitt fortel meg om, når dei gir uttrykk for at dei ikkje ser det?»

- mor

Foreldra forsøker å støtte og oppmuntre Sofie. Dei legg vekt på positive opplevingar, men synst det er vanskeleg å finne riktig balanse mellom å trekke fram det gode som skjer på skulen, utan å sjølv bagatellisere det Sofie fortel. Sofie har ved fleire høve sagt at det ikkje er noko hjelp i å fortelje til dei vaksne på skulen, for dei seier berre at ho må vere meir frampå og hoppe inn i samtalen.

Vi ser at:

- Foreldre er avhengige av eit godt samarbeid med skulen og dei fleste kvir seg for å vere «den krevjande forelderen», «den som alltid masar», «den som aldri blir nøgd».
- Foreldre er i ein sårbar situasjon, saman med barnet sitt. Nokre blir sjukemelde.
- Foreldre kjenner seg pressa til å sjølv ta ansvar og styring når dei opplever at skulen/barnehagen ikkje gjer det. Det er ikkje alltid til barnas beste.
- Barn som opplever at dei ikkje blir lytta til eller at det ikkje har noko effekt å fortelje (sjølv om den vaksne er empatisk og lyttande), vil ofte slutte å fortelje.

Sakshandsaming og tillit

Tida går. Det kjem stadig små kommentarar og der er treff som Sofie ikkje blir invitert til. Etter jul skal dei i gang med «jentegruppe». Sofie gruar seg og lurar på kva dei skal snakke om.

Det blir vanskelegare for Sofie å gå på skulen. Mor¹⁰ oppdaterer læraren med jamne mellomrom. Dei gongene ho får svar på e-postane, får ho vondt i magen. Det er ikkje alltid ho orkar å lese svaret med ein gong. Ho er usikker på kva læraren meiner med det han skriv.

«Guten min får i oppgåve å gå frå situasjonen, seie og gjere sånn eller slik. Men han er 7 år! Han skal ikkje måtte ha eit arsenal av verktøy for å verne seg!»

- far til 2. klassing

Foreldra er uroa for skulen sine rutinar og kompetanse. «Anten vil dei ikkje sjå, eller så kan dei ikkje sjå...» Begge deler er urovekkande, meiner dei. Tilliten til skulen brytast ned. Foreldra vil ikkje melde saka til Statsforvaltaren. Dei fryktar det vil ta tid og energi bort frå å hjelpe Sofie og at samarbeidet med skulen skal bli verre.

Dei tar kontakt med rektor på ny. Denne gongen står mobbeombodet i kopi på e-posten. Rektor set i gong undersøkingar etter opplæringslova § 9A-4. PPT i kommunen blir kopla på - dei observerer eit hierarki i klassen. Sofie

ser ut til å vere nedst på rangstigen.

¹⁰ Ombodet blir kontakta av både fedrar og mødrer, men mødrer er i stort fleirtal (83% av foreldre som tar kontakt).

Vi erfarer at:

- Det som blir sagt, ord og formuleringar skulen/barnehagen vel å bruke har svært mykje å seie. Orda blir tolka i lys av eigne opplevingar av situasjonen, i lys av relasjonen til tilsette og i lys av tidlegare erfaringar med barnehagen/skulen. «Kva meiner dei med det? Kva betyr dette?» Foreldre treng å vere trygge på kva barnehagen/skulen tenkjer og kjenne at dei vil barnet deira vel.
- Når kommunikasjon og samarbeid i seg sjølve krev energi frå foreldra blir det ofte ei tilleggsbelastning og tilleggskonflikt til sjølve saka. Det er ikkje til det beste for barnet.
- Når tilliten er tynnslite krev det god og tett oppfølging for å bygge den opp att.

Tiltak

Etter undersøkingane utarbeidar skulen ein aktivitetsplan. Sofie og foreldra får uttale seg om tiltaka i planen. Dei er litt usikre. «Nokre tiltak ser ut til å vere gode, men vi er ikkje pedagogar, så vi veit eigentleg ikkje....». Det er ikkje sett opp noko dato for evaluering av tiltaka, men når foreldra ber om dette, blir dei kalla inn til møte. Sofie er med på deler av møtet. Ho seier at det går litt betre.

Nokre av tiltaka ser ut til å ha effekt. Det er mykje fokus på samarbeid og venskap i klassen og vaksne jobbar med å forbetre relasjonane til og mellom elevane. Sofie har tilbod om å snakke med helsesjukepleiar kvar veke. Det likar ho, det er fint å ha ein vaksen som lyttar, men det er òg ubehageleg når ho går ut av klassen og alle dei andre ser på og spør kva ho skal.

Nokre tiltak gjer vondt verre. Tiltaket med friminuttvener fungerer av og til. Det kjem an på kven ho er på gruppe med. Førre veke sa to av dei: «Vi vil ikkje at du skal vere saman med oss». «Men eg må jo det», svara Sofie. «Då får du i alle fall vere stille». Andre gongar blir Sofie gjort ansvarleg. Som på fotballbana; då Sofie prøvde å ta ballen som stadig gjekk forbi ho vart ho skulda for å øydelegge og kunne difor gå å hengje seg. Sofie gjekk vekk og ein lærar kom bort;. «Kvifor er du ikkje med å spele? Ser du ikkje at heile klassen er med? Du kan ikkje berre velje vekk felles aktivitetar, då blir du aldri inkludert».

Nokre av tiltaka blir justert etter tilbakemelding frå foreldra. Dei fryktar Sofie begynner å bli lei av møter og «mas» og at ho ikkje lenger seier korleis ho har det. Heime gret ho mykje, har vondt i hovudet og ho vil verken på skulen eller på fritidsaktivitetar.

Barn og foreldre fortel:

- Dei får ikkje bidra i arbeidet med tiltak.¹¹
- Aktivitetsplanar har lite konkrete tiltak. Planar kan vere utydelege på kven som er ansvarlege, på tidsperiode for tiltak og på dato for evaluering.
- Tiltak ikkje blir gjennomførte, har ikkje effekt eller gjer vondt verre.
- Det vert sett inn tiltak der dei sjølve er ansvarlege for å forbetre situasjonen.
- Dei opplever ei forventning om at barnet heile tida skal halde vaksne underretta om korleis det går, meir enn at vaksne sjølv tar dette ansvaret og hentar inn informasjon.
- Vaksne grip ikkje inn i krenkingar.
- Dei saknar informasjon om kva tiltak som blir sett inn mot andre involverte barn.¹²

«Kvifor skal vår dotter snakke med helsesjukepleiar kvar veke? Det er ikkje det som skal til for at ho får det betre på skulen!»

-far

¹¹ Barn og foreldre skal aldri ha ansvaret for å finne tiltak. Det er heller ikkje slik at barn/foreldre kan «bestille» eller krevje tiltak, det skal ligge ei fagleg og pedagogisk vurdering til grunn for tiltaka.

¹² Skule og barnehage har teieplikt om tiltak for andre barn. Likevel kan dei dele noko informasjon. Til dømes kan ein vise til skulen sine rutinar for handtering av krenkingar – at dei «alltid i alle saker følgjer opp slik». Ansvarlege kan be om samtykke til å

Skulen klarar i løpet av våren i 6. klasse å stoppe krenkingane som går føre seg ved å kople foreldre i klassen tett på. Dei jobbar framleis aktivt med å bygge opp att relasjonar, både i klassen og på tvers av klassane. Sofie fortel at det går mykje betre og skulen lukker saka før sommaren. Sofie og foreldra tenkjer at det er godt å starte 7. klasse med å leggje bak seg alt som har vore.

Det er mange som kjennar det slik som Sofie og foreldra hennar. Det har vi stor forståing for og ser at gode endringar kan vare ved. Likevel vil vi understreke at det er viktig å følgje opp i lang tid etter at eit barn igjen har det trygt og godt.¹³

Kva med barnehage?

Historia om Sofie har gått føre seg over nokre år på barneskulen. Mange av dei som tar kontakt med oss fortel at det går føre seg over år, at det har eskalert frå tid til anna og at det heile starta i barnehagen.

Førespurnadar om barnehage handlar i stor grad om det same som i grunnskulen, men i tillegg spør ein ofte om korleis og til kven ein skal løfte saka. Frå januar 2020 har barnehagen fått eit nytt kapittel i barnehagelova; kapittel 8. Dette liknar mykje på kapittel 9A i opplæringslova for skulen og her finn ein tydeleg kva pliktar barnehagen har når barn ikkje har eit trygt og godt psykososialt miljø.

Vi håpar og trur det nye kapittel 8 vil føre til meir merksemd og kunnskap om barn sine rettar i og blant barnehagar, barnehageeigarar, støttesystem og foreldre. Med meir systematisk arbeid, vil vi kunne plukke opp fleire saker og hindre at dei følgjer barna inn i skulen.

Kva for hjelp ønskjer tilsette?

Omboda blir i hovudsak kontakta av foreldre, men det er og ein del tilsette som tar kontakt. Over 40 av førespurnadane kjem frå tilsette i barnehagar, skular og hjelpesystem.¹⁴ Gjennom desse førespurnadane kan ombodet fange opp kva tilsette har behov for eller ønskjer rettleiing om.

Tilsette fortel og spør om mykje det same som foreldre. Dei ønskjer barna og elevane sitt beste og har spørsmål om korleis ein skal forstå aktivitetsplikta og korleis ein skal og kan gå fram til det beste for barna. Det handlar ofte om kva som kan vere eigna tiltak i ei sak, innspel til tiltak som barn/foreldre ønskjer, utforming av aktivitetsplan og/eller når ein kan avslutte ei sak. Tilsette løftar òg ulik problemforståing og utfordringar i samarbeid med foreldre og mellom foreldre.

I år har fleire stilt spørsmål om samtale som tiltak. Tilsette på skulane og i hjelpesystemet spør om samtalegruppe, til dømes «jentegruppe», kan vere eit godt tiltak. Finst det eigne opplegg? Har skulen tilstrekkeleg kompetanse for å gjennomføre? Kva må ein passe på?

dele informasjon med andre foreldre. Det er òg mogleg å utarbeide aktivitetsplanar på gruppenivå, kor ein har tiltak som blir satt inn i heile klassen eller gruppa.

¹³ Sjå også Bruvik et al, 2017

¹⁴ Med hjelpesystem meiner vi helsesjukepleiar, PPT, BUP, osb.

Nokre tilsette har spørsmål om førebygging og foreldresamarbeid generelt. Både tilsette og FAU-representantar i barnehage og skule etterspør førebyggjande verktøy og ressursar ein kan nytte i foreldremøte.

I tillegg har fleire tilsette spørsmål om korleis ein kan jobbe med klassemiljø/grupper. Nokre spør om ombodet kan bidra i kartlegging, i arbeid med aktivitetsplikta eller i arbeid på gruppenivå.

Kva skal til for å lukkast med handtering? - oppmodingar frå mobbeombodet

Saka om Sofie er fiktiv, men er basert på mange av førespurnadane våre, og det vi høyrar at barn og foreldre opplever.

Vi ser at det er skilnad på korleis barnehagar og skular handterer saker som gjeld barnehage- og skulemiljø; nokre er trygge og nokre meir usikre. Frå vår ståstad kan vi i noko grad sjå kva som skal til for å praktisere god handtering. Basert på erfaringane våre gjennom året som har gått, rettar vi følgjande fem oppmodingar til ansvarlege i barnehage og skule:

1) Tru på barn

Alle tilsette må ha kompetanse og ressursar til å ta imot barn som fortel at dei ikkje har det bra. Dette inneber å kunne møte barnet og foreldre sine behov – her og no, òg på sikt. Å trygge barnets foreldre, bidrar til trygg og god handtering frå alle partar. Det er til barnets beste.

Å tru på barn og ta i mot barnet si oppleving er særleg viktig i situasjonar der den tilsette les situasjonen barnet står i på ein annan måte enn barnet sjølv.

Som eigar eller leiar av barnehage og skule, må ein sikre at tilsette, som individ og som gruppe, er trygge på korleis dei møter uro og uro-meldingar. Barnehage- og skuleeigar må òg sikre at leiarar/styrarar er trygge, har oversikt og har naudsynnte ressursar for å dekke dei tilsette sine behov.

2) Ekte samarbeid

Foreldre må bli sett på som ein likeverdig partnar og verdifull bidragsytar. Foreldresamarbeid må vere ein integrert del av barnehagen/skulen sin aktivitet.

Leiinga må sørge for at alle tilsette er klar over kva han/ho skal gjere for å fremme eit godt samarbeid med alle foreldre. Vidare må leiinga sørge for at ein har strategiar når samarbeidet blir vanskeleg.

Vi har vist at det er fleire problemstillingar som går igjen i handtering av saker. Både tilsette og foreldre fortel om ulik oppfatningar av det som går føre seg. **Det er lettare å komme vidare med saka**

om ein forstår ho likt, men det er ikkje ei føresetnad. Ein kan likevel bli samde om kva barnet treng for at det skal bli betre (Onsøien og Drugli, 2010).

«Samarbeidet mellom heim og skule må bære preg av felles mål, gjensidig forpliktelse og medvirkning». Skulen skal i følgje opplæringslova legge til rette for at foreldre har høve til medbestemming og påverknad på elevane si opplæring. Foreldresamarbeid syner at det er delt ansvar mellom heim og skule og viser likeverd og gjensidigheit mellom partane. Når samarbeidet fungerer optimalt, blir foreldra sett på som en engasjert og gjensidig partnar (Drugli & Nordahl, 2016).

Foreldresamarbeid må vere ein integrert del av barnehagen/skulen sin aktivitet. Det krev høg grad av forplikting frå alle.

Mobbeombodet fremmar, som Lund (2020), eit responsivt foreldresamarbeid. Det inneber

- å vere lydhør ovanfor foreldre
- stille spørsmål til foreldre, med mål om å forbetre skulen for elevane
- at skulen gjer noko med det foreldra fortel

Responsivt foreldresamarbeid gir familien moglegheit for handling. Foreldre blir sett som verdifulle bidragsytarar til forbetring av praksis og tilsette ser på kritikk og uro som høve for læring.

3) Kjenn barn sine rettar

Vaksne som jobbar med barn må ha kunnskap om barn sine rettar og korleis gjere vurdering av barnets beste. Vaksne må vidare gjennomføre pliktene sine etter lovverket ovanfor barn.

Tilsette i barnehage og skule må særleg ha inngåande kompetanse om aktivitetsplikta, med delplikter, etter barnehagelova og opplæringslova. Det gjeld både kva lova betyr, men og kjennskap til eigne lokale retningslinjer.

Tilsette i barnehage og skule må utøve god forvaltningsskikk, - det vil seie å svare på e-post og førespurnadar, gi god informasjon og rettleiing.

Barn i Noreg har sterke rettar i barnehagelova¹⁵, opplæringslova¹⁶, grunnlova¹⁷ og barnekonvensjonen¹⁸. Barneombodet si ekspertgruppe anbefaler i sin siste rapport at studentar i utdanningar retta mot barn må få opplæring om barnekonvensjonen og kva konvensjonen inneber for deira arbeid.¹⁹ Vi støttar dette fullt ut.

Både barn og foreldre har rett til å medverke og rett til å bli høyrte i saker om psykososialt miljø.²⁰ I trygge omgjevnader er det lettast for barn og unge å ytre seg om kva dei sjølv treng, kva som gjer godt og når dei kjenner dei trivst og har det trygt.

¹⁵ https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-64?q=barnehagelova#KAPITTEL_8

¹⁶ https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1998-07-17-61?q=oppl%C3%A6ringslova#KAPITTEL_11

¹⁷ https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1814-05-17-nn/KAPITTEL_5#KAPITTEL_5

¹⁸ <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/barnekonvensjonen-nynorsk/id87589/>

¹⁹ Barneombodet si ekspertgruppe anbefaler i sin siste rapport, «Ungdom om medvirkning og barnerettighetsvurderinger» (2021) at vaksne må få informasjon og opplæring om barnekonvensjonen, og korleis ein gjer ei vurdering av barnerettar. <https://www.barneombudet.no/uploads/documents/Publikasjoner/Fagrapporter/Barnerettighetsvurderinger-og-medvirkning.pdf>

²⁰ Særleg i barnekonvensjonen (art 3 og 12), i grunnlova (§ 104), i opplæringslova (§ 9A-4), i barnehagelova (§ 3) og i forvaltningslova (§ 17).

Tiltak er skulen eller barnehagen sine grep, handlingar eller endring av praksis, som direkte kan forbetre barnet sin oppleving av det psykososiale miljøet. Tiltaka må vere konkrete. Tilsette må vite kvifor dei nyttar det eine eller det andre tiltaket og dei må vere medvitne kva ein vil oppnå med det. Det gjeld òg samtale som tiltak. Mobbeombodet avviser ikkje at samtale kan vere eit godt tiltak, men ein må vite kvifor ein har samtal og kva ein vil oppnå med samtalen. Skal ein bygge opp att tillit? Skal ein bli betre kjent med barnet? Skal barnet ha eit trygt rom for å fortelje om kva som skjer?

Risikovurdering av tiltaka er òg viktig, - kan tiltaket slå galt ut? Korleis? Kva gjer ein då?

Ein må halde fram arbeidet lengre enn ein trur for å sørgje for at sakene ikkje «blussar opp att» etter ei tid. Skulen/barnehagen må følgje særskilt med, ha nokre ekstra sjekkpunkt og ein plan for korleis ein følgjar opp etter at saka er avslutta.

4) Forstå

Alle tilsette i barnehage og skule må ha god kompetanse om grupper, gruppedynamikk, sosialt samspel og felles forståing av kva krenking og mobbing er.

Den vaksne må ha kompetanse og i tillegg anerkjenne at dei ikkje veit alt ein situasjon, og at involverte kan ha svært ulike opplevingar. Avgjerande faktorar for å lukkast med handtering av miljøsaker, er at den som handterer saka er trygg i arbeidet sitt, veit kva lovverket krev, og kva som vert forventa i møte med barn og foreldre. I tillegg må tilsette ha kapasitet til å handtere. Dette må barnehage- og skuleeigar ta ansvar for.

5) Be om hjelp

Tilsette må vite når dei kan og bør be om hjelp. Dei må òg ha naudsynt kompetanse tilgjengeleg når dei har behov for hjelp.

Spisskompetanse, til dømes gjennom skuleteam eller kommunale innsatsteam, kan vere eit døme på ein måte å løyse behovet for fagleg hjelp og støtte.

Vår erfaring er at leiarar og andre tilsette ute i barnehagar og skular er usikre på tolking av lovverk og praktiske konsekvensar av lovverk, og ønskjer støtte i arbeid med psykososialt miljø. Vi ser at mellom anna undersøking er ei delplikt som kan vere krevjande.

Når saker som gjeld psykososialt miljø har vorte handterte tenkjer vi òg det kan det vere nyttig å møtast for oppsummering og debrief; tankar om sjølve hendingane og korleis saka utvikla seg, men òg korleis prosessen var for tilsette – fekk den enkelte nok støtte og dekt sine behov undervegs? Gjennom ein slik prosess kan ein bli tryggare på både andre sine og eigne behov, og dermed stå stødigare ved neste møte med uro-melding eller utrygt miljø.

Vegen vidare


Mobbeombodet held fram arbeid for at barn og elevar skal få tatt i vare rettane sine til trygge og gode barnehage- og skulemiljø. Vi skal også i komande år vere eit lågterskeltilbod for barn, elevar og deira foreldre. Førespurnader som gjeld utrygge barnehage- og skulemiljø har høg prioritet, og vi ser stor nytte i å gi støtte til barn og foreldre i slike situasjonar.

Vi vil fortsetje arbeid med å gjere ombodstenesta kjend i Vestland. Det gjer vi både gjennom ulike oppdrag for foreldre og tilsette i barnehage og skule, og gjennom digitale treffpunkt som informasjon på nett, aktuelle innlegg i sosiale medium og webinar.

Mobbeombodet ser nytte i å støtte ansvarlege i arbeid med både førebygging og handtering av utrygge miljø og mobbing. Det vil vi halde fram med. Og vi vil vere pådrivarar for at kommunane etablerer eigna ressursar for sine tilsette i barnehage og skule. Å lukkast med handtering gir fleire gevinstar ut over det at barn får det trygt og godt att. Mellom anna ser vi at foreldre sin tillit til barnehagen og skulen aukar, og at leiing og tilsette vert tryggare i arbeid med handtering.

Å støtte barn, foreldre og tilsette i arbeid med å skape trygge miljø for alle, tenkjer vi er ein viktig del av ansvaret til kommunane.

Saman for trygge og gode barnehage- og skulemiljø!



Det er lettare å komme vidare med saka om ein forstår ho likt, men det er ikkje ei føresetnad. Ein kan likevel bli samd om kva barnet treng for at det skal bli betre.

- Onsjøen og Drugli, 2010

Kjeldeliste

Barneombudet (2021), «Ungdom om medvirkning og barnerettighetsvurderinger», <https://www.barneombudet.no/uploads/documents/Publikasjoner/Fagrapporter/Barnerettighetsvurderinger-og-medvirkning.pdf>

Breivik, K., Bru, E., Hancock, C., Idsøe, E. C., Idsøe, T., & Solberg, M. E. (2017). *Å bli utsatt for mobbing. En kunnskapsoppsummering om konsekvenser og tiltak*. Henta 01.12.2020 frå <https://www.udir.no/tall-og-forskning/finn-forskning/rapporter/a-bli-utsatt-for-mobbing--en-kunnskapsoppsummering-om-konsekvenser-og-tiltak/>


Drugli, Flygare og Nordahl (2016), *Relasjoner mellom elever*, <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/skolemiljo/sosial-laring-gjennom-arbeid-med-fag/relasjoner-mellom-elever/larerelev-relasjonen-og-elevelev-relasjoner/>

Drugli, M.B. & Onsøien, R. (2010) *Vanskelige foreldresamtaler – gode dialoger*. Cappelen Akademisk Forlag.

Drugli, M.B. & Nordahl, T. (2016). *Samarbeidet mellom skole og hjem*, Utdanningsdirektoratet. Henta 01.12.20 frå: <https://www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/samarbeid/samarbeid-mellom-hjem-og-skole/samarbeidet-mellom-hjem-og-skole/>

Lund, G. E. (2020). Responsivt forældresamarbejde i skolen. *Tema: Forældresamarbejde – en udfordring for læreruddannelsen og et vilkår for skolen. Studier i Læreruddannelse og Profession*. 5(1) (s. 52-72). Henta 01.12.2020, frå <https://tidsskrift.dk/SLP/issue/view/8790/1160?fbclid=IwAR0X-VZabvXRelGLC0Bu4oMpH7qUSSowZ3Fzq9513Dlq0MppEsFwctwYxtc>

Seland et al (2020), *Evaluerings av ordning med fylkesvise mobbeombud for barnehage og grunnskole*, NOVA-rapport, https://www.udir.no/contentassets/a252bc9ffb8d43819923e1c2c164a51f/fylkesvise-mobbeombud_nova-rapport-2020.pdf



Politiske saker
PS 49/21 Eventuelt



Eidfjord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2020/69-21
Saksbehandlar: Kjartan Haugsnes

Saksgang

Utv	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Eidfjord kommune	49/21	25.11.2021

Eventuelt

Forslag til vedtak

Ikkje framlagt

Samandrag

Det vert lagt opp til å ha eventuelt på saklista for å ivareta det enkelte medlem i utvalet sin moglegheit til å sjølv ta opp saker eller gjere vedtak i saker som ikkje er på saklista.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Kjartan Haugsnes
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet har vedteke å ha eventuelt som fast sak i kvart møte. Dette føl av kommunelova § 11-3 siste avsnitt som seier:

«Et folkevalgt organ kan fatte vedtak i en sak som ikke er oppført på sakslisten, hvis ikke møtelederen eller 1/3 av de møtende medlemmene motsetter seg det. På tilsvarende måte kan organet fatte vedtak i en sak der saksdokumentene ikke er sendt ut sammen med innkallingen, hvis ikke møtelederen eller 1/3 av de møtende medlemmene motsetter seg det.»

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalget har vedtakskompetanse i denne saka, jf. kommunelova § 11-3 og § 23-2

Vurderingar og verknader

Dersom det vert teke opp saker som krev nærare undersøkingar, eller innhenting av fleire opplysningar, før ein kan konkludere med at det er ei sak for kontrollutvalet, bør utvalet be sekretariatet førebu sak om dette til neste møte.

Konklusjon

Føremålet er å gje opning for å få nærare undersøkingar av saker som kontrollutvalet ønskjer å få utgreidd til neste møte, eventuelt til eit seinare møte i utvalet. Dessuten eventuelt å få orientering frå rådmannen eller andre i eit seinare møte.